



Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Miljøvernavingdelinga

Supplerande kartlegging av naturtypar i Herøy kommune i 2010



Rapport 2011:02

Framsdebilde: Runderbranden med dei store grasbakkane i bakgrunnen som ligg aust for Lundeura og som har langvarig kontinuitet i beite. Området er registrert som rasmark og naturbeite av særst høg biologisk verdi. Foto Dag Holtan.

Utførende konsulent: Dag Holtan	Kontaktperson/prosjektansvarleg: Dag Holtan	ISBN (Pdf utgåve) ISBN 978-82-7430-204-4 (Papirutgåve) ISSN 0801-9363
Oppdragsgjevar: Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Kontaktperson hos oppdragsgjevar: Kjell Lyse	År: 2011
<p>Referanse: Holtan, D. 2011. Supplerande kartlegging av naturtypar i Herøy kommune. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, miljøvernavdelinga, rapport nr. 2 - 2011: 67 s. ISBN 978-82-7430-204-4 (papirutgåva).</p>		
<p>Referat: Det er i sesongane 2009 – 2011 gjennomført supplerande kartlegging av naturtypar i Herøy kommune på Søre Sunnmøre. Av i alt 66 avgrensa objekt (no og tidlegare) er 11 vurdert som svært viktige for det biologiske mangfaldet (A), 28 som viktige (B) og ein som lokalt viktig (C). Dei resterande er anten ikkje naturtypar etter den metodikken som er fastsett, eller har fått verdiane sterkt reduserte m.a. grunna attgroing. Størst botaniske verdiar finn ein i ulike utformingar av kulturlandskap, til dømes naturbeitemark og kystlynghei, men det er også viktige lokalitetar og verdiar knytte til naturtypane kyst og havstrand, rik kulturlandskapssjø og ikkje minst kystberg.</p>		
<p>Emneord: Herøy Naturtypar Raudlisteartar Verdisetting</p>		
Fagansvarleg:	For administrasjonen:	
_____	_____	
Ulf Lucasen (Seksjonssjef)	Lindis Nerbø (Miljøverndirektør)	

Forord

På oppdrag frå fylkesmannen i Møre og Romsdal, har biolog Dag Holtan utført supplerande kartlegging av naturtypar i Herøy kommune. Oppdraget har omfatta kartlegging, verdisetting og avgrensing av naturtypar med artsinformasjon (unntatt vilt), ved både eigne feltundersøkingar og innsamling og systematisering av eksisterande informasjon, og er ei vidareføring av arbeidet frå 2001. Mykje av feltarbeidet gått med til kvalitetssikring av eksisterande kunnskap.

Bakgrunnen for kartlegginga av naturtypar er mellom anna den politiske målsetjinga, uttrykt i Stortingsmelding 58 (1996-97), om at alle kommunar i landet skal kartlegge og ha oversikt over viktige område for biologisk mangfald på sitt areal. Noreg har òg, saman med fleire andre land, slutta seg til ei internasjonal målsetjing om å stanse tap av biologisk mangfald innan 2010, det såkalla 2010-målet ("Countdown 2010", no justert til 2020). For å kunne ta vare på biologiske verdiar må ein vite kva verdiar ein har og kor desse finst. Den føreliggjande oversikta over verdifulle naturtypar i Herøy er nok eit viktig steg på vegen i å få betre kunnskap om dei biologiske verdiane i kommunen.

Underteikna takkar for eit godt samarbeid med Kjell Lyse ved fylkesmannen si miljøvernavdeling.

Feltarbeidet er utført av Dag Holtan i perioden 2009 til 2011. Perry Larsen (Skodje) har delteke i mykje av feltarbeidet.

Ørskog 27.02.2012

Dag Holtan

Innhald

FORORD	4
INNHALD	5
SAMANDRAG	7
1 INNLEIING	11
1.1 BAKGRUNN	11
1.2 KVA ER BIOLOGISK MANGFALD?	12
1.3 VERDIEN AV BIOLOGISK MANGFALD	13
1.4 TRUGSMÅL MOT DET BIOLOGISKE MANGFALDET	14
1.4.1 Fysiske inngrep	14
1.4.2 Endra driftsformer i jord- og skogbruk	14
1.4.3 Spreiing av framande organismar.....	15
1.4.4 Overhausting	15
1.4.5 Forureining.....	15
1.5 FORVALTING AV BIOLOGISK MANGFALD I KOMMUNANE	16
1.5.1 Verneområde	16
1.5.2 Forvaltingsansvaret for arealet i kommunen	16
1.5.3 Aktiv sikring.....	17
1.5.4 Passiv sikring	17
1.5.5 Grunneigaravtalar.....	17
1.5.6 Verkemiddel i landbruket	17
1.5.7 Strategi for stopp av tap av biologisk mangfald innan 2020	17
1.6 FØREMÅLET MED RAPPORTEN	18
1.7 FORKLARING AV NOKRE OMGREP	18
2 METODE	20
2.1 INNSAMLING AV INFORMASJON	20
2.1.1 Viktige litteraturkjelder	21
2.1.2 Museumssamlingar, databasar, Verdsveven	21
2.1.3 Innsamling frå einskildpersonar	21
2.1.4 Feltarbeid	21
2.1.5 Bestemming og dokumentasjon	22
2.2 VERDISSETTING OG PRIORITERING	22
2.2.1 Generelt.....	22
2.2.2 Kriterium og kategoriar.....	22
2.2.3 Bruk av raudlisteartar/signalartar	22
2.2.4 Bruk av truga vegetasjonstypar	23
2.2.5 Område med lite data eller usikker status.....	23
2.3 PRESENTASJON	23
2.3.1 Generelt.....	23
2.3.2 Omtale av lokalitetane.....	23
2.3.3 Kartavgrensing.....	24
3 NATURGRUNNLAGET	25
3.1 NATURGEOGRAFI OG KLIMA	25
3.2 BERGGRUNN OG LAUSMASSAR	26
3.3 KULTURPÅVERKNAD	27

4	NATURTYPAR	28
4.1	HOVUDNATURTYPAR	28
4.2	LOKALITETAR MED NYTT FELTARBEID I 2009 - 2011	30
1515201	Bergsøya: Hornseten	30
1515202	Bergsøya: Mjeltevikneset	31
1515203	Bergsøya: Storehaugen.....	32
1515204	Bergsøya: Søre Vaulen	33
1515205	Fosnavåg	33
1515206	Gurskøya: Hidsnes	34
1515207	Gurskøya: Moltustranda ved Tarberg.....	35
1515208	Gurskøya: Moltustranda vest for Løset	36
1515209	Gurskøya; Dragsund: Rambjørhammaren	36
1515210	Gurskøya: Raudskar	37
1515211	Gurskøya: Jøsokelva	38
1515212	Gurskøya: Tarbergtua	39
1515213	Herøyfjorden: Herøya	40
1515214	Leinøya: Grønelida.....	41
1515215	Leinøya: Leinehornet	42
1515216	Leinøya: Nøre Vaulen.....	43
1515217	Leinøya: Storevika	45
1515218	Leinøya: Volsund.....	45
1515219	Nerlandsøya: Andbøvika	46
1515220	Nerlandsøya: Barmen.....	47
1515221	Nerlandsøya: Kalddalsbukta	48
1515222	Nerlandsøya: Muleneset.....	49
1515223	Nerlandsøya: Muleneset - Gollaneset.....	50
1515224	Nerlandsøya: Myraneset.....	51
1515225	Nerlandsøya: Skorpesundet.....	52
1515226	Remøya: Terneneset	54
1515227	Remøya: Remøykammen	56
1515228	Remøya: Vest for Storevatnet.....	57
1515229	Runde: Goksøyarbeita.....	58
1515230	Runde: Goksøyrvika.....	59
1515231	Runde: Hellestien - Kløfjellet.....	60
1515232	Runde: Mågeneset.....	61
1515233	Runde: Runde vestsida.....	62
1515234	Gurskøya: Tuftevatnet.....	63
5	RAUDLISTA66	
5	KJELDER	70
6.1	LITTERATUR	70
5.1	MUNNLEGE KJELDER	71
5.2	VERDSVEVRESSURSAR	71
6	KARTVEDLEGG	72

Samandrag

Bakgrunn og føremål

Bakgrunnen for rapporten er ei nasjonal satsing for å auke kompetansen og styrke det lokale nivået i forvaltinga av det biologiske mangfaldet. Satsinga medfører tilgang på statlege tilskot. Bakgrunnen frå statleg hald er Stortingsmelding nr. 58 (1996-97): ”Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling. Dugnad for framtida”. Denne blei vedteken i 1998, og legg premissane for kartlegginga av alle norske kommunar. Sidan har vi òg fått St. meld. nr. 42 (2000-2001): ”Biologisk mangfold, sektoransvar og samordning”. Hovudkonklusjonen her er at den norske naturforvaltinga må bli meir kunnskapsbasert, og at vedtaksgrunnlaget i kommunane må betrast.

Hovudføremålet med prosjektet er å gje kommunen og andre arealforvaltarar eit godt naturfagleg grunnlag for den framtidige bruken av naturen i kommunen, slik at omsynet til det biologiske mangfaldet kan betrast innanfor dei ulike verksemdene.

Metodikk

Metoden går i hovudsak ut på å identifisere område som er særlig verdifulle for det biologiske mangfaldet, fordi dei er levestader for mange artar, eller for uvanlege eller kravfulle artar som har vanskeleg for å finne leveområde elles i landskapet. Kva naturtypar dette gjeld er definert i ei handbok i kartlegging av biologisk mangfald – DN-handbok 13 (Direktoratet for naturforvaltning 2006).

For å få tak i eksisterande kunnskap er det nytta ein del litteratur, Naturbasen (<http://dnweb12.dirnat.no/nbinnsyn/>), databasar på Verdsveven, utskrifter frå museumssamlingar og samtalar med fagfolk og lokalkjente. For å skaffe fram ny kunnskap blei det òg gjort noko nytt feltarbeid. Av økonomiske årsaker og grunna føringar frå DN blei fjellområda, kulturlandskapet og verneområda nedprioriterte. Informasjonen er samanstilt, og lokalitetane er verdiprioriterte etter metoden i DN-handbok 13. Dette omfattar m.a. vektlegging av indikatorartar (signalartar) og raudlisteartar osb. Informasjonen er presentert på kart, regneark (Excel) og i rapportform.

Naturgrunnlag

Naturgrunnlaget i kommunen er kort gjennomgått, med omtale av landskap, geologi, klima og naturgeografiske tilhøve.

Naturtypar i Herøy

Dei ulike naturtypane i Herøy er kort presenterte. Viktige naturtypar for det biologiske mangfaldet i kommunen er særleg tradisjonelt drive kulturlandskap, særleg naturbeitemark og beita lynghei. Også for rikmyr, rik kulturlandskapssjø og ulike utformingar av kystberg og rasmark er det viktige lokalitetar og store naturverdiar.

Som det går fram av tabell 1 er det knytt store verdier til fleire ulike naturtypar i Herøy. Generelt kan det seiast at det er størst verdier knytte kulturlandskap.

Tabell 1. *Naturtypelokalitetane med fordeling på hovudnaturtype, verdi og viktige område (markert med X) med tanke på oppfølging av regjeringa og Stortinget sitt mål om stopp av tap av biologisk mangfald innan 2020 (jf. kapittel 1.5.7). Kodane betyr: A05= rikmyr, A08= kystmyr, B01= Sørvendt berg og rasmark, B03= Ultrabasisisk og tungmetallrikk mark i låglandet, B04= Nordvendte kystberg, D04= Naturbeitemark, D07= Kystlynghei, E08= Rik kulturlandskapssjø, F07= Gammal lauvskog og G05= Strandeng og strandsump. Lokalitetar med naturtypekodar og verdisetting, men utan lokal-id (0) gjeld område som nyleg er oppdaterte av John Bjarne Jordal i andre prosjekt, og for denne visast det til Naturbase på Internett. Dei utan verdisetting (0) og utan lokal-id gjeld område som anten ikkje er naturtypar etter metodikken det arbeidast etter eller attgrodde, og slik stoda er no er liten grunn til å prioritere dei høgt. Dei er også tilgjengelege i Naturbase på Internett. Verdiane er elles slik: A= Svært viktig, B= viktig og C= lokalt viktig.*

Lokalitet	Naturtype	Utforming	Verdi	2020	Lokal_ID
Bergsøya: Hornseten	B04	B0402	B		201
Bergsøya: Hornsetstranda	D04	D0404	A	X	0
Bergsøya: Mjeltevikneset	D04	D0404	B		202
Bergsøya: Storehaugen	D07	D0706	C		203
Bergsøya: søre Vaulen	G05	G0503	B		204
Berøsøya: Myklebustvatnet	E08	E0801	A	X	0
Fosnavåg	B04	B0402	B		205
Gurskøya: Dragsund			0		0
Gurskøya: Hidsnes	B04	B0401	A	X	206
Gurskøya: Huldrehornet			0		0
Gurskøya: Jøsok			0		0
Gurskøya: Jøsok ved Raudskar			0		0
Gurskøya: Jøsokbakken			0		0
Gurskøya: Kleppefurene			0		0
Gurskøya: Leikong; Hykreim			0		0
Gurskøya: Moltustranda ved Tarberg	D04	D0404	B		207
Gurskøya: Moltustranda vest for Løset	D04	D0404	B		208
Gurskøya: Måløya			0		0
Gurskøya: Petterholmen			0		0
Gurskøya: Rambjørhammaren	F07	F0703	B		209
Gurskøya: Raudskar	B03	B0301	B		210
Gurskøya: Stokksund	D04	D0404	B		0
Gurskøya: Stokksund			0		0
Gurskøya: Jøsokelva	A05	A0505	B		211
Gurskøya: Tarbergtua	B04	B0402	B		212
Gurskøya: Tjørvåg			0		0
Gurskøya: Voldnes			0		0
Gurskøya: Voldnesgjerdet			0		0
Herøyfjorden: Flåvær			0		0
Herøyfjorden: Fugleholmen			0		0
Herøyfjorden: Herøya	D04	D0404	B		213
Herøyfjorden: Nautøya sørside			0		0
Herøyfjorden: Nautøya vestsida			0		0

Herøyfjorden: Skafferholmen			0		0
Leinøya: Grønelida	B04	B0402	B		214
Leinøya: Leinehornet	D07	D0701/D0703	B		215
Leinøya: Leinestøylen			0		0
Leinøya: Nøre Vaulen	G05	G0501	B		216
Leinøya: Røyra			0		0
Leinøya: Storevika	B04	B0402	B		217
Leinøya: Volsund	D04/D07	D0404/D0703/D0706	B		218
Nerlandsøya: Andbøvika	D04/D07	D0404/D0703	B		219
Nerlandsøya: Barmen	D07	D0701/D0703/D0706	B		220
Nerlandsøya: Kalddalsbukta	B04/D07	B0402/D0703/D0706	A	X	221
Nerlandsøya: Muleneset	B01	B0101	B		222
Nerlandsøya: Muleneset - Gollaneset	B04	B0402	B		223
Nerlandsøya: Mulevika	D04	D0407	A	X	0
Nerlandsøya: Myraneset	D04	D0404	A	X	224
Nerlandsøya: Skjellingneset			0		0
Nerlandsøya: Skorpesundet	D07	D0701/D0703/D0706	A	X	225
Remøya: Remøyvika			0		0
Remøya: Sævik			0		0
Remøya: Terneneset	D07	D0701/D0703/D0706	B		226
Remøya: under Remøykammen	B04/D07	B0402/D0703	B		227
Remøya: vest for Storevatnet	D07	D0701/D0706	B		228
Runde: aust for søre Handfangen			0		0
Runde: Geita			0		0
Runde: Goksøyarbeita	D04	D0404	A	X	229
Runde: Goksøyrvika	G05	G0501	B		230
Runde: Hellestien - Kløfjellet	B04	B0401	A	X	231
Runde: Mågeneset	D04/D07	D0404/D0701/D0706	B		232
Runde: Nøre Handfangen			0		0
Runde: Runde vestsida	B01/D04	B0101/D0404	A	X	233
Skorpa sørsida			B		0
Skorpa: ved gardane			A	X	0
Gurskøya: Tuftevatnet	E08	E0802	B		234

Raudlisteartar

Ei *raudliste* er ei liste over artar som i ulik grad er truga av menneskeleg verksemd. Dette kan vere ulike fysiske inngrep i form av utbygging, skogsdrift, jordbruksverksemd eller forureining m.m. Artane som etter fagleg vurdering kjem med på ei slik liste vert kalla raudlisteartar. Kva artar dette gjeld er lista opp i ein nasjonal rapport frå 2010 (Kålås mfl. 2010).

Det er registrert ei rekkje førekomstar av raudlista karplanter, sopp og mosar osb. i Herøy, og dei som er mogleg å finne på nasjonale databasar på verdsveven er omtalte i kapittel 5.

Kunnskapsstatus

Tabell 5 inneheld ei kort vurdering av kunnskapsstatus etter dette prosjektet, og på kva område det er behov for meir kunnskap. Kunnskapen om mange organismegrupper og potensielle raudlisteartar i Herøy er jamt over middels god.

Kunnskapsstatus – litteratur

Det er publisert nokså mykje litteratur frå Herøy opp gjennom åra i ulike samanhengar. Viktige litteraturkjelder frå nyare tid er samla i tabell 2.

Det meste av dette materialet har vore gjennomgått i samband med naturtypekartlegginga. I tillegg kjem ulike innspel gjennom ikkje publiserte notat og e-postar frå lokalkjente m.m.

1 Innleiing

1.1 Bakgrunn

Bakgrunnen for rapporten er ei nasjonal satsing for å auke kompetansen og styrke det lokale nivået i forvaltninga av det biologiske mangfaldet. Kartleggingsarbeidet er finansiert av Fylkesmannen i Møre og Romsdal gjennom statlege tilskot.

Bakgrunnen frå sentralt hald er Stortingsmelding nr. 58 (1996-97), ”Miljøvernpolitikk for ein bærekraftig utvikling. Dugnad for framtida”. Denne vart vedteken i 1998, og legg premissane for kartlegginga av biologisk mangfald i alle norske kommunar. Forhistoria til dette er Brundtlandkommisjonen sin rapport frå 1997: ”Konvensjonen om biologisk mangfold”, som vart vedteken på verdskonferansen i Rio i 1992. Konvensjonen vart ratifisert av Noreg i 1993 og vart gjeldande frå 1994. Direktoratet for naturforvaltning (DN) ga i 1999 ut ei handbok (DN-handbok 13) som gir retningslinene for korleis arbeidet skal gjennomførast. Oppdaterte utgåver av handboka kom på verdsveven i 2006 og 2007 (DN 2006).

Sidan har vi fått St. meld. nr. 42 (2000-2001): ”Biologisk mangfold, sektoransvar og samordning”. Hovudkonklusjonen her er at den norske naturforvaltninga må bli meir kunnskapsbasert, og at vedtaksgrunnlaget i kommunane må betrast.

I naturmangfaldlova er dessutan følgjande prinsipp sentrale i all natur- og artsforvaltning:

§ 7. (prinsipper for offentlig beslutningstaking i §§ 8 til 12)

Prinsippene i §§ 8 til 12 skal legges til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndighet, herunder når et forvaltningsorgan tildeler tilskudd, og ved forvaltning av fast eiendom. Vurderingen etter første punktum skal fremgå av beslutningen.

§ 8. (kunnskapsgrunnlaget)

Offentlige beslutninger som berører naturmangfoldet skal så langt det er rimelig bygge på vitenskapelig kunnskap om arters bestandssituasjon, naturtypers utbredelse og økologiske tilstand, samt effekten av påvirkninger. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i et rimelig forhold til sakens karakter og risiko for skade på naturmangfoldet.

Myndighetene skal videre legge vekt på kunnskap som er basert på generasjoners erfaringer gjennom bruk av og samspill med naturen, herunder slik samisk bruk, og som kan bidra til bærekraftig bruk og vern av naturmangfoldet.

§ 9. (føre-var-prinsippet)

Når det treffes en beslutning uten at det foreligger tilstrekkelig kunnskap om hvilke virkninger den kan ha for naturmiljøet, skal det tas sikte på å unngå mulig vesentlig skade på naturmangfoldet. Foreligger en risiko for alvorlig eller irreversibel skade på naturmangfoldet, skal ikke mangel på kunnskap brukes som begrunnelse for å utsette eller unnlate å treffe forvaltningstiltak.

§ 10. (økosystemtilnærming og samlet belastning)

En påvirkning av et økosystem skal vurderes ut fra den samlede belastning som økosystemet er eller vil bli utsatt for.

§ 11. (kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver)

Tiltakshaveren skal dekke kostnadene ved å hindre eller begrense skade på naturmangfoldet som tiltaket volder, dersom dette ikke er urimelig ut fra tiltakets og skadens karakter.

§ 12. (miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder)

For å unngå eller begrense skader på naturmangfoldet skal det tas utgangspunkt i slike driftsmetoder og slik teknikk og lokalisering som, ut fra en samlet vurdering av tidligere, nåværende og fremtidig bruk av mangfoldet og økonomiske forhold, gir de beste samfunnsmessige resultater.

1.2 Kva er biologisk mangfald?

Variasjonen i naturen kan beskrivast på tre ulike nivå: Gen-, arts- og økosystemnivå. Enkelt sagt er biologisk mangfald jorda si variasjon av livsformer (artsnivå – planter, dyr og mikroorganismer m.m.), inklusiv arvestoff (genetisk variasjon) og det kompliserte samspelet mellom dei ulike organismane (økosystemet).

I Rio-konvensjonen er biologisk mangfald definert slik: ”Biologisk mangfold er variabiliteten hos levende organismer uansett opphav, herunder bl.a. terrestriske, marine eller andre akvatiske økosystemer og de økologiske kompleksene som de er en del av; dette omfatter mangfold innenfor artene, på artsnivå og på økosystemnivå.” (MD 1992).

Meir presist er biologisk mangfald definert slik i naturmangfoldlova:

§ 3. (definisjoner)

I denne lov forstås med

- a) art: etter biologiske kriterier bestemte grupper av levende organismer;
- b) bestand: en gruppe individer av samme art som lever innenfor et avgrenset område til samme tid;
- c) biologisk mangfold: mangfoldet av økosystemer, arter og genetiske variasjoner innenfor artene, og de økologiske sammenhengene mellom disse komponentene;
- d) dyr: pattedyr, fugler, krypdyr, amfibier, fisk og virvelløse dyr;
- e) fremmed organisme: en organisme som ikke hører til noen art eller bestand som forekommer naturlig på stedet;
- f) genetisk materiale: gener og annet arvemateriale i ethvert biologisk materiale, som kan

overføres til andre organismer med eller uten hjelp av teknologi, likevel ikke genetisk materiale fra mennesker;

- i) naturmangfold: biologisk mangfold, landskapsmessig mangfold og geologisk mangfold, som ikke i det alt vesentlige er et resultat av menneskers påvirkning;
- j) naturtype: ensartet type natur som omfatter alle levende organismer og de miljøfaktorene som virker der, eller spesielle typer naturforekomster som dammer, åkerholmer eller lignende, samt spesielle typer geologiske forekomster;
- k) organisme: enkeltindivid av planter, dyr, sopp og mikroorganismer, inkludert alle deler som er i stand til å formere seg eller overføre genetisk materiale;
- l) planter: karplanter, moser og alger;
- m) sopp: sopp og lav;
- q) virvelløse dyr: dyr uten ryggstøyle;
- r) økologisk funksjonsområde: område – med avgrensning som kan endre seg over tid – som oppfyller en økologisk funksjon for en art, slik som gyteområde, oppvekstområde, larvedriftsområde, vandrings- og trekkruiter, beiteområde, hiområde, myte- eller hårfellingsområde, overnattingsområde, spill- eller parringsområde, trekkvei, yngleområde, overvintringsområde og leveområde;
- s) økologisk tilstand: status og utvikling for funksjoner, struktur og produktivitet i en naturtypes lokaliteter sett i lys av aktuelle påvirkningsfaktorer;
- t) økosystem: et mer eller mindre velavgrenset og ensartet natursystem der samfunn av planter, dyr, sopp og mikroorganismer fungerer i samspill innbyrdes og med det ikke-levende miljøet.

1.3 Verdien av biologisk mangfold

Miljøverndepartementet (2001) knytter disse verdiane til biologisk mangfold:

- **Direkte bruksverdi:** Verdier som vert realiserte gjennom bruk av biologiske ressursar til m.a. mat, medisinar, kunst, klede, byggverk og brensel, samt bruk av natur til leik, rekreasjon, friluftsliv, turisme, undervisning og forskning.
- **Indirekte bruksverdi:** Verdi i form av livsberande prosessar og økologiske tenester som biologisk produksjon, jorddanning, reinsing av vatn og luft, vasshushaldning, lokalt og globalt klima, karbonet, nitrogenet og andre stoff sine krinslaup, økologisk stabilitet og miljøet si evne til å dempe effektar av påkjeningar som forureining, flaum og tørke. Desse verdiane er ein føresetnad for mennesket sin eksistens og økonomiske aktivitet.
- **Potensiell verdi:** Verdier som ikkje er utnytta eller kjent. Slike verdier omfattar både direkte og indirekte verdier nemnt ovanfor, og er m.a. knytte til bruk av ikkje utnytta genetiske ressursar,

både når det gjeld tradisjonell foredling og genteknologi for utvikling av nye produkt med direkte bruksverdi.

- **Immateriell verdi:** Verdi som er etisk og moralsk forankra, m.a. knytt til ønsket om å vite at ein art eksisterer, komande generasjonar sine Moglegheiter og livskvalitet, og ønsket om å ta vare på landskap og natur som del av vår kulturarv og opplevingsverdi.

Til dei moralske og etiske verdiane høyrer òg naturen sin eigenverdi (DN 2006). At naturen har eigenverdi byggjer på tanken om at alle livsformer og urørt natur har verdi i seg sjølv, og skal derfor ikkje naudsyntvis sjåast på som eit middel, men som et mål i seg sjølv. Tanken om at framtidige generasjonar skal ha same Moglegheiter for ressursutnytting og naturoppleving som vi har, er i samsvar med målet om ei ”berekraftig utvikling” definert av Brundtlandkommisjonen.

1.4 Trugsmål mot det biologiske mangfaldet

1.4.1 Fysiske inngrep

Øydelegging, fragmentering og endring av naturområde er mellom dei største trugsmåla mot det biologiske mangfaldet. Særleg viktig er fysiske inngrep i samband med ulike utbyggingsføremål. Store utbyggingar kan åleine ha store negative konsekvensar, men det er summen av både små og store inngrep som over tid vil avgjere om vi klarar å ta vare på det biologiske mangfaldet. Der utbyggingspresset er stort er det ofte utbyggingsinteressene som vert sterkest vektlagde i avgjerdsprosessane. Det er eit visst utbyggingspress i Herøy, særleg konsentrert til dyrkbart areal og strandnære område. Ein må rekne med at det i framtida òg kan verte press på fleire av dei biologisk verdifulle naturtypelokalitetane som er kartlagt gjennom dette prosjektet (sjå kapittel 4.2), sidan fleire av dei ligg nært vegar og er nokså lett tilgjengelege.

1.4.2 Endra driftsformer i jord- og skogbruk

Utviklinga i landbruket resulterer i intensivering, spesialisering og rasjonalisering av drifta, men òg fråflytting, brakklegging og attgroing. Dei største driftsendringane i jordbruket har skjedd dei siste 50 åra, og mange kulturskapte naturtypar, slik som slåttemark, naturbeitemark og haustingsskog er i ferd med å forsvinne (jf. Fremstad og Moen 2001). Mykje av det lysopne, mosaikkprega landskapet frå det tradisjonelle jordbruket gror i dag att, og utviklar seg gradvis til skog. Dette medfører m.a. at planteartar som er avhengige av mykje lys og lite konkurranse går tilbake, og saman med desse også dei insekta som er knytte til desse plantane. I tillegg fører sjølv moderat gjødsling til at ein del artar går sterkt tilbake eller forsvinn heilt (t.d. Fremstad 1997). Bruken av kunstgjødsel var svært liten fram til andre verdskrigen. Etter krigen auka bruken sterkt fram til 1980-tallet. På grunn av desse endringane kan ei lang rekkje plante-, sopp- og insektartar gå tilbake eller forsvinne. Over 30 % av dei norske raudlisteartane er knytte til kulturlandskapet (Kålås mfl. 2010).

Status for Herøy i 2011 er at det er framleis er ein del att av tradisjonelt drive kulturlandskap, men ein del av dei tidlegare kartlagde lokalitetane (Jordal & Grimstad 2001) er no såpass attgrodde at dei ikkje vart prioriterte under det nye feltarbeidet.

I skogbruket har hogst gjennom mange hundre år redusert mengda av daud ved betydeleg. Urskog er i dag praktisk talt forsvunnen, og biologisk gammal skog med mykje daud ved utgjer berre små areal. Område med biologisk verdifull skog, m.a. rik edellauvskog og gråor-heggeskog, har dei

siste 50-100 åra stadvis vortne erstatta med gran, og også sumpskog og myr har mange stader vortne drenerte og deretter tilplanta.

I Herøy er det i grunnen lite skog, sjølv om det no somme stader er i ferd med å etablere seg både furu- og lauvskog.

1.4.3 Spreiing av framande organismar

Menneskeskapt spreiring av organismar som ikkje høyrer naturleg heime i dei lokale økosystema er eit aukande problem, både for vern av biologisk mangfald og i forhold til verdiskaping. Mange innførte artar er dårleg tilpassa dei lokale økosystema, og vil forsvinne etter kort tid, men dei som klarar å etablere seg har ofte ikkje naturlege fiendar som kan vere med å regulere populasjonane, eller dei kan ha andre konkurransefordelar som fører til at populasjonane aukar kraftig (MD 2001). Dette kan føre til at stadeigne artar vert utkonkurrerte og at heile økosystem vert endra. Gjennom ratifisering av Riokonvensjonen har Noreg forplikta seg til m.a. å hindre innføring av og kontrollere eller utrydde framande artar som er eit trugsmål mot økosystem, habitat eller artar (MD 1992: artikkel 8h). I 2007 kom også norsk svarteliste (Gederaas mfl. 2007), som peikar på mange av problemartane.

Det er ikkje gjort noko systematisk arbeid med tanke på registrering av framande artar i Herøy. Døme på innførte treslag i kommunen er t.d. berg- og buskfuru, sitkagran, lerk og mange andre. Platanlønn, som er rekna som ein verkeleg problemart (jf. Gederaas mfl. 2007), spreier seg no over delar av kommunen (og heile den norske vestkysten). Denne utviklinga vil i åra som kjem eskalere sterkt. Platanlønna dreg elles ein stor fordel av forstyrningar som hogst og driftsvegar i skogbruket, medan etableringa i slutta naturskog går saktare. Av buskvekstar er det frå hagebruket t.d. noko spreiring av diverse mispelartar og raudhyll, mest i skogkantar og på forstyrta mark. Langs vegkantar er det flekkvis førekomstar av t.d. gyvelartar, japanpestrot og parkslirekne mfl., medan hagelupin er etablert fleire stader. Ålment kjende artar som mink og iberiaskogsnegl bør ein òg vere merksam på. Samla sett står kommunen framfor ein del utfordringar i åra som kjem med tanke på å utrydde dei verste problemartane, eller halde dei i sjakk. Ei kartlegging av omfanget av problema og ein handlingsplan er derfor sterkt ønskjeleg innanfor ein treårsperiode. Deretter må tiltak gjennomførast utan opphald.

1.4.4 Overhausting

Hausting av naturressursar er eit gode så lenge det skjer innanfor økologisk forsvarlege rammer. Overhausting oppstår når det over ein lengre periode vert hausta meir enn populasjonen produserer. Om aktiviteten rammar artar med nøkkelfunksjonar (t.d. furu), kan ringverknadene bli store. Overhausting av ein truga eller sårbar art vil vere eit trugsmål mot arten sin eksistens. I Noreg er døma på overhausting i nyare tid særleg å finne i havet. Ein kan òg tenke seg at somme artar med små nasjonale bestandar kan vere utsette for samllarar, utan at det er kjend konkrete døme på dette i Herøy.

1.4.5 Forureining

Forureining kan opptre både i form av lokale utslepp, som langtransportert forureining, som sur nedbør og radioaktivitet, i form av utslepp som kan påverke globalt eller òg som klimagassar og ozonnedbrytande stoff.

Lokale utslepp skuldast ofte landbruk eller kloakk. Det vert òg reist spørsmål om nedfall av nitrogen kan ha ein negativ effekt i til vanleg næringsfattige økosystem som kystlynghei eller furuskog.

Eventuelle klimaendringar vil òg kunne påverke naturen i Herøy. Landsomfattande prognosar syner at det kan bli meir nedbør i Møre og Romsdal. Temperaturen kan stige over heile landet. Stormar kan bli meir vanlege, særleg vest- og nordpå. Verknadene vil vere størst for fjellartar (vert utkonkurrert av skog) og varmekjære artar som har nordgrensa si i Noreg. Mellom dei sistnemnde høyrer m.a. mange varmekjære planter, soppar og insekt. Desse vil kunne få ei større utbreiing enn i dag. Herøy har òg enkelte sørlege artar som er på eller nær si kjende nordgrense, både planter, sopp- og lavartar (jf. kapittel 5). Desse artane vil kunne spreie seg vidare nordover.

1.5 Forvaltning av biologisk mangfald i kommunane

1.5.1 Verneområde

Åtte område i Herøy er no verna (<http://www.lovddata.no/for/lf/kommu-HEROEY-MOERE-OG-ROMSDAL.html>):

- 1) Goksøymyrane naturreservat, verna 13. desember 1996.
- 2) Muleneset naturreservat, verna 28. mai 2010.
- 3) Myklebustvatnet naturreservat, verna 27. mai 1988.
- 4) Runde fuglefredningsområde mm. (3 område på Runde), verna 30. april 1981.
- 5) Svinøya naturreservat, verna 28. mai 2010.
- 6) Tjørnvågosen naturreservat, verna 28. mai 2010.

Tidlegare har staten hatt ein vesentleg del av forvaltingsansvaret for verneområda, men meir av dette ansvaret kan bli overført til kommunane, dersom kommunane sjølve ønskjer det. Herøy har ikkje eit slikt forvaltingsansvar.

1.5.2 Forvaltingsansvaret for arealet i kommunen

Forvaltingsansvaret for areal i Herøy ligg i hovudsak i kommunen, men også private grunneigarar, særleg innan landbruket og næringslivet elles har eit viktig ansvar. Kommunen har ei sentral, overordna rolle fordi den er ansvarleg for ein samla og langsiktig arealdisponering. I tillegg kan kommunen oreigne, og er lokal skog- og landbruksmyndigheit med ansvar for planlegging, rettleiing og informasjon.

Arealet skal i første rekkje forvaltast av kommunen gjennom bruk av plan- og bygningslova (PBL). I arealplanlegginga har kommunen òg eit ansvar for kartlegging og forvaltning av biologisk mangfald. Derfor er det viktig å få kunnskap om og oversyn over kvar i kommunen det er verdifulle område som krev at ein tek særlege omsyn. God kunnskap om slike område er viktig når avgjerder om utnytting av naturområde skal takast. Etter St. meld. nr. 42 skal kommunane utøve kunnskapsbasert naturforvaltning, jf. også naturmangfaldlova. Kunnskap om viktige naturområde i Herøy er samla i denne rapporten. Det må forventast at denne kunnskapen vert nytta aktivt i forvaltninga, og at kunnskapen vert formidla til dei som er eigarar av særleg verdifulle kulturlandskap, skog (ofte utan å vite om det) og til skulane.

1.5.3 Aktiv sikring

Kommunane har dei juridiske verkemidla som trengst for å ta vare på område gjennom plan- og bygningsslova, men i dag er §§ 8-12 i naturmangfaldlova likevel meir aktuelle.

1.5.4 Passiv sikring

Kommunen kan sørgje for at ein styrer unna dei viktigaste områda for biologisk mangfald når det skal byggast ut eller gjerast større naturinngrep. Ofte finst det alternative plasseringar for tiltak, og i slike tilfelle bør ein velje det som har minst negativ påverknad på det biologiske mangfaldet. Identifiserte område som er viktige for biologisk mangfald skal elles vektleggast i planlegginga i kommunane (jf. naturmangfaldlova).

1.5.5 Grunneigaravtalar

Frivillige avtalar har den fordelene at konfliktgraden ofte er låg, og at ein unngår erstatningskrav. På lang sikt er slike avtaler likevel ofte noko usikre, t.d. i samband med grunneigarskifte eller ved endra økonomiske vilkår. I skogvernet er frivillig vern norma i dag (sidan 2003).

1.5.6 Verkemiddel i landbruket

Fleire tilskotsordningar er i dag tilgjengelege for tiltak som tek vare på det biologiske mangfaldet i jordbrukslandskapet. For å oppnå areal- og kulturlandskapstillegg må ein unngå større endringar eller inngrep i kulturlandskapet. Det vert gitt økonomisk stønad til tiltak som går ut over det som reknast som vanleg landbruksdrift, t.d. skjøtsel av slåttemark og naturbeitemark. Denne ordninga er frå 2004 overført til kommunane (SMIL-midlar, tidlegare STILK-midlar). Det er *svært viktig* at kommunane aktivt brukar dette høvet til å ta vare på biologiske verdiar i kulturlandskapet, og ikkje berre bygningar og kulturminne. I Herøy må grunneigarane i biologisk verdifullt kulturlandskap følgjast spesielt opp for å sikre at dei biologiske verdiane ikkje går tapt. Her er det kanskje òg naudsynt med direkte økonomisk stønad for å gjennomføre ein biofagleg riktig skjøtsel.

1.5.7 Strategi for stopp av tap av biologisk mangfald innan 2020

Grunnlova si § 110b krev at naturkvalitetane vert tekne vare på for ettertida og etterslekta. Det same gjer føremålsparagrafen i naturmangfaldlova. St.meld. 42 (2000-01) om biologisk mangfald presenterte følgjande nasjonale resultatmål:

- 1) Eit representativt utval av norsk natur *skal vernast* for komande generasjonar.
- 2) I truga naturtypar *skal ein unngå inngrep* og i omsynskrevjande naturtypar *skal viktige økologiske funksjonar oppretthaldast*.
- 3) Kulturlandskapet *skal forvaltast* slik at kulturhistoriske og estetiske verdiar samt biologisk mangfald vert oppretthalde.
- 4) Hausting og annan bruk av levande ressursar *skal ikkje* føre til at artar eller bestandar vert utrydda eller truga.
- 5) Menneskeskapt spreining av organismar som ikkje høyrer naturleg heime i økosystema, *skal ikkje* skade eller avgrense økosystema sin funksjon.
- 6) Truga artar *skal oppretthaldast* på eller byggast opp att til livskraftige nivå.
- 7) Jordressursar som har potensial for matkornproduksjon *skal disponerast* slik at ein tek omsyn til framtidige generasjonar sine behov.

Seinare har både regjeringa og Stortinget sett seg som mål at tap av biologisk mangfald i Noreg skal stoppast innan 2010 (seinare justert til 2020). Dette er ei vesentlig utviding av målet ved det internasjonale Rio+10-møtet i Johannesburg i 2002, der den offisielle anbefalinga var at landa burde redusere vesentleg tapet i same tidshorisont.

For å oppfylle dette målet må i det minste følgjande saksområde utgreiast i Herøy i 2011, for deretter å følgjast opp gjennom tiltaksplan og konkret handling:

- Raudlisteartar. I den offisielle norske raudlista over truga artar (Kålås mfl. 2010) går det fram at flest truga artar er knytte til skog og kulturlandskap. For Herøy er desse artene nærmare omtalte i kapittel 5.
- Truga vegetasjonstypar. I rapporten om truga vegetasjonstypar i Noreg (Lindegaard m.fl. 2011) finn vi følgjande truga typar representerte i Herøy: strandeng (NT), kystnedbørsmyr (VU), rikere myrflate i låglandet (EN) og kystlynghei (EN).
- Viktige lokalitetar/område for biologisk mangfald. For å oppfylle målet om stopp av tap av naturmangfald innan 2020 må strategiplanen for Herøy som eit minimum ta særlege omsyn til lokalitetane som er nemnde under (jf. tabell 1 og lokalitetsomtalanene i kapittel 4). Her er det tatt høgd for førekomst av raudlisteartar, truga vegetasjonstypar og inngrepsfrie område (i høve til små nyare negative inngrep), og viktige viltfunksjonar er òg inkludert når det gjeld førekomst av raudlista artar. Lokalitetane i tabell 1 med verdi A peikar seg ut som dei viktigaste her.
- Tiltaksplan. Sikring av desse områda mot inngrep og ein aktiv, riktig skjøtsel av kulturlandskap er det *absolutt minste* ein bør forvente av ein tiltaksplan. Ein slik tiltaksplan må sjølvstendig og følgjast aktivt opp. Dette vil på kort sikt vere ein god start på arbeidet med å sikre seg mot tap av biologisk mangfald i Herøy.
- Framande artar. Som nemnt i kapittel 1.4.3 må ein òg kartlegge utbreiing og omfang av framande artar, samtidig som også dette området må følgjast opp med ein tiltaksplan og aktiv handling.

1.6 Føremålet med rapporten

Hovudføremålet med dette prosjektet er å gi kommunen og andre arealforvaltarar eit godt naturfaglig grunnlag for den framtidige forvaltinga av naturen i Herøy kommune, slik at ein i større grad kan ta omsyn til det biologiske mangfaldet.

Arbeidet har gått ut på å identifisere område som er særleg verdifulle for det biologiske mangfaldet, fordi dei er levestader for særleg mange artar eller for uvanlege eller kravfulle artar som har vanskar med å finne leveområde i landskapet elles (jf. kapitlet om metodikk).

1.7 Forklaring av nokre omgrep

Beitemarksopp: Grasmarkstilknytt soppartar med liten toleranse for gjødsling og jordarbeiding, og med preferanse for langvarig hevd – dei har derfor tyngdepunkt i natureng og naturbeitemark.

Biologisk mangfald (sjå kapittel 1.2) omfattar mangfald av:

- naturtypar (økosystemnivå)
- artar (artsnivå)
- arvemateriale innan artane (genetisk nivå)

- Bisentrisk:** Omgrep brukt om fjellplanter som hos oss er utbreidde i eitt område i sør og eitt i nord, men som manglar på midten (oftast i Trøndelag - Jämtland).
- Indikatorart (signalart):** Ein art som på grunn av strenge miljøkrav er berre finst på stader med spesielle kombinasjonar av miljøtilhøve. Slike artar kan dermed gi god informasjon om miljøkvalitetane der dei lever. Ein god indikator-/signalart er vanleg å treffe på når desse miljøkrava er stetta. For å identifisere ein verdifull naturtype bør helst fleire indikatorartar vere til stades.
- Kontinuitet:** I økologien nytta om relativt stabil tilgang på bestemte habitat, substrat eller kombinasjon av bestemte miljøtilhøve over lang tid (ofte fleire hundre til fleire tusen år). I kulturlandskapet kan det t.d. dreie seg om gjenteken, årleg forstyrning i form av beiting, slått eller trakkpåverknad. I skog kan det t.d. vere kontinuerlig tilgang på daud ved av ulike dimensjonar og nedbrytingsgrad, eller eit stabilt fuktig mikroklima.
- Lungeneversamfunnet:** Nyttå om ein del store lavartar som er avhengige av stabile fuktilhøve og eit stabilt mikroklima over tid for å få optimale veksttilhøve. Best kjente er lungenever, kystnever, skrubbenever og sølvnever, men samfunnet inneheld langf fleire artar.
- Naturbeitemark:** Gammal beitemark med låg grad jordarbeiding, låg gjødslingsintensitet og langvarig hevd. Sjå også tradisjonelt kulturlandskap under.
- Natureng:** I snever forstand gamle slåttemarkar med låg grad av jordarbeiding, låg gjødslingsintensitet og langvarig hevd. I andre samanhengar vert omgrepet nytta i vidare forstand om gras- og urterik vegetasjon både i både gammal slåttemark og gammal naturbeitemark.
- Naturengplanter:** Planter som er knytte til engsamfunn, og som har liten toleranse for gjødsling, jordarbeiding og atgroing. Dei har derfor tyngdepunktet sitt i natureng og naturbeitemark, og er dermed ein parallell til beitemarksoppåne (jf. Jordal & Gaarder 1999).
- Nøkkelbiotop:** Ein biotop (levestad) som er viktig for mange artar eller for artar med strenge miljøkrav som ikkje så lett vert tilfredsstilt andre stader i landskapet.
- Oseanisk:** Som har å gjere med kysten og havet. Vert nytta om eit klima med milde vintrar og kjølige somrar, dvs. liten forskjell mellom sommar og vinter, og mykje og hyppig nedbør. Oseaniske planter og oseaniske vegetasjonstypar trivst best i eit slikt klima. Det motsette av oseanisk er kontinental.
- Raudlista:** Liste over artar som i større eller mindre grad er truga av menneskeleg verksemd (Kålås mfl. 2010).
- Svartelista:** Eit oversyn over innførde artar, med ei vurdering av kor skadelege desse kan vere for stadeigen natur (Gederaas mfl. 2007). Den norske svartelista har nokre manglar, m.a. er fleire bartreslag, inkl. sitkagan, ikkje vurdert (kjem truleg med i neste versjon).
- Tradisjonelt kulturlandskap:** Dominerande typar av jordbrukslandskap slik dei var for minst 50-100 år sidan, forma av slått, husdyrbeite, trakk, krattrydding, lauving og lyngheiskjøtsel, kombinert med låg gjødslingsintensitet og relativt lite jordarbeiding, med innslag av naturtypar som natureng, naturbeitemark, hagemark, haustingsskog, slåttelundar og lynghei.

2 Metode

2.1 Innsamling av informasjon

Informasjonen i denne rapporten kjem dels frå innsamling av eksisterande kunnskap, dels frå eige feltarbeid. Arbeidet har gått ut på å identifisere område som er særlig verdifulle for det biologiske mangfaldet, område som t.d. er spesielt artsrike eller er levestad for uvanlege eller kravfulle artar som har vanskar med å finne leveområde elles i landskapet. Kva naturtypar dette gjeld, er definert i DN-handbok nr. 13 (Direktoratet for naturforvaltning 2006, oppjustert 2007).

Døme:

- Ein registrerer ikkje alle strender, men t.d. større, artsrike strandområde.
- Ein registrerer ikkje alt kulturlandskap, men t.d. artsrike naturbeitemarkar med artar som indikerer kontinuitet i gammal driftsform.
- Ein registrerer ikkje alle innsjøar, men t.d. næringsrike vatn i låglandet.
- Ein registrerer ikkje blåbærbjørkeskog, men t.d. rik edellauvskog med alm, ask, eik, lind, hassel eller svartor og mange varmekjære artar.
- Ein registrerer ikkje alle bergskrentar, men t.d. artsrike, nordvendte berg med sjeldan, kystbunden moseflora eller rike, sørvendte rasmarker osv.

Kartlegging av fisk og fiskebestandar inngår ikkje i dette metodeopplegget, heller ikkje kartlegging av marine område. Handbøkene i kartlegging av ferskvatn (DN-handbok 15 på Verdsveven), viltkartlegging etter DN-handbok 11 (DN 1996) er derfor ikkje nytta her.

Gangen i arbeidet er slik at ein først må sette seg inn i eksisterande kunnskap, deretter samle inn ny kunnskap (feltarbeid), og til slutt systematisere materialet, prioritere lokalitetane og presentere dette på kart og i rapport eller liknande.

2.1.1 Viktige litteraturkilder

Tabell 2. Dei viktigaste nyare skriftelege kjeldene som er nytta for å kartlegge eksisterande naturinformasjon frå Herøy, med kort kommentar til innhaldet.

Kjelde	Kommentar
Goksøyr, H. 1938. Das Pflanzenleben auf Rundøy, Sunnmøre, in Norwegen. Det norske vidensk. akad. Oslo. 144 pp.	Grundig om plantelivet på Runde, og framleis aktuell
Holten, J. I. et al. 1986. Havstrand i Møre og Romsdal. Lokalitetsbeskrivelser. Økoforsk rapport 1986:3B: 184 s.	Fleire lokalitetar frå Herøy er med her
Jordal, J.B. 2007. Supplering av Naturbase i Møre og Romsdal 2007, basert på eksisterende informasjon. Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Rapport nr 2/2007. 110 s.	Fleire lokalitetar frå Herøy er med her
Jordal, J. B. & Grimstad, K. J., 2001: Kartlegging av biologisk mangfald i Herøy kommune, Møre og Romsdal. Herøy kommune, rapport. 123 s. + kart og bilete.	Grundig grunnlagsrapport om naturtypar i Herøy
Jordal, J. B. & Gaarder, G. 1999. Biologiske undersøkelser i kulturlandskapet i Møre og Romsdal 1992-98. Samlerapport. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Landbruksavd. Rapport nr. 1 - 99: 278 s. + kart.	Fleire lokalitetar frå Herøy er med her
Pareliussen, I. 1997. The seminatural grasslands in 1928 and 1994 on the island of Runde, western Norway. Hovudfagsoppgåve (cand. scient.) ved Norges Teknisk-Naturvitenskapelige Universitetet i Trondheim, botanisk institutt. 64 s.	Nyttig informasjon frå kulturlandskapet på Runde

2.1.2 Museumssamlingar, databasar, Verdsveven

Lav-, (NLD) sopp- (NMD) og mosedatabasane (NBD) ved Universitetet i Oslo er kontrollerte på Verdsveven i februar 2012. Også ArtsDatabanken (www.artsdata.artsdatabanken.no) har no opplysningar om artsfunn. Sjølv om det er mykje overlapp mellom ArtsDatabanken og universitetsdatabasane er det somme tilleggsopplysningar å finne her. Aktuelle verdsvevadresser er lista opp i kapittel 6.3.

2.1.3 Innsamling frå einskildpersonar

Ein del enkeltpersonar sit på interessante opplysningar om naturen i Herøy. Noko av denne informasjonen er innsamla. Det er eit stort arbeid å samle inn all denne informasjonen, og det hadde vore ønskjeleg å kunne nytta noko meir tid til dette. Særleg opplysningane frå Alv Ottar Folkestad har vore nyttige.

2.1.4 Feltarbeid

Eigne feltregistreringar vart gjort i fleire bolkar i vekstsesongen i perioden 2009 - 2011. Perry Larsen (Skodje) tok del i mykje av feltarbeidet.

2.1.5 Bestemming og dokumentasjon

Bestemming av planter er gjort ved hjelp av Lids Flora (Lid & Lid 2005), og norske namn følger denne utgåva. Bestemming av lav er gjort ved hjelp av Krog mfl. (1994) og Holien & Tønsberg (2006). Særleg interessante funn (mest planter og sopp) er eller vil bli send til Botanisk museum i Oslo (NHM), der dei skal vere fritt tilgjengelege for alle interesserte. Vitskapelege namn følger dei publikasjonane som er nytta i arbeidet. Offisielle norske namn leggst elles fortløpande ut på verdsvevsida til ArtsDatabanken (<http://www2.artsdatabanken.no/artsnavn/Contentpages/Hjem.aspx>).

2.2 Verdisetting og prioritering

2.2.1 Generelt

Ved verdisetting av naturmiljøet vert det i praksis gjort ei *innbyrdes rangering* av det biologiske mangfaldet. Det kan settast fram fleire påstandar som grunnlag for å verdisetje enkelte naturmiljø eller artar høgare enn andre, og dei to viktigaste er truleg:

- Naturmiljø og artar som er sjeldne er viktigare å ta omsyn til enn dei som er vanlege (fordi dei er meir sårbare).
- Naturmiljø og artar som er i tilbakegang er viktigare å omsyn til på enn dei som har stabile førekomstar eller er i framgang.

2.2.2 Kriterium og kategoriar

Verdisettingskriteria følger DN-handbok 13 (DN 2006). Verdisettinga skjer etter ein tredelt skala:

- A (svært viktig)
- B (viktig)
- C (lokalt viktig)

I denne rapporten er kriteria i DN-handbok 13 for verdisetting av naturtypar og raudlisteartar innarbeidd. Dette gir heilt klart rom for noko skjønn. Ein del lokalitetar som truleg ikkje tilfredsstillar kriteria for kategori B - viktig, er plasserte i kategori C - lokalt viktig. For å bli plassert i kategori A bør ein lokalitet ha særlege og uvanlege kvalitetar, t.d. førekomst av artar som er raudlista som sårbare (VU) eller truga (EN, CR) eller dei må vere særleg velutvikla og artsrike. For å bli plassert i kategori B vert det ikkje stilt like strenge krav, men enkelte definerte vilkår må likevel vere oppfylte.

2.2.3 Bruk av raudlisteartar/signalartar

Når dei ulike lokalitetane er skildra, er det som regel nemnt mange artar som er funne på lokaliteten. Dette kan vere for å illustrere trekk ved t.d. vegetasjonen, og ikkje alle artsfunn er like viktige for å verdisetje den. Enkelte artar vert tillagt særleg vekt ved verdisettinga. Desse er:

- Raudlisteartar
- Signalartar (indikatorartar)

Raudlisteartar er omtalte i eit eige kapittel i rapporten (kapittel 5). Signalartar vert kort omtalte her. Nedafor er berre enkelte artar som er nytta som signalartar i nokre naturtypar og vektlagde i verdisettinga nemnde.

- Kulturlandskap: Naturengplanter og beitemarksoppar etter liste m.a. i Jordal & Gaarder (1999).
- Skog: breiflangre, furuvintergrøn, junkerbregne, kransmynte, lundgrønaks, myske, sanikkel, skogfaks, skogsvingel, skogsvinerot, svarterteknapp, taggbregne, tannrot, trollbær, vårerteknapp og vårmarihand o.a.
- Nordvendte kystberg: Ein del oseaniske mosar som høyrer heime på ytterkysten, dessutan havburkne og dels blankburkne.

I tillegg kjem ein del lavartar knytte til det såkalla lungeneversamfunnet og enkelte mikrolavar, der regnskogsartar vert tillagt særleg vekt.

2.2.4 Bruk av truga vegetasjonstypar

Ein rapport om nasjonalt truga vegetasjonstypar (Fremstad & Moen 2001) er brukt som støtte ved verdivurderinga. Ny raudliste for desse ventast før sommaren 2011.

2.2.5 Område med lite data eller usikker status

Potensielt interessante lokalitetar som det finst lite informasjon om, eller som er undersøkte men ikkje prioriterte, er dels samla i tabell 5 og 6. Ein kan her berre syne til behovet for vidare kartlegging.

Årsaker til at lokalitetar ikkje er avgrensa og prioriterte kan vere:

- Lokaliteten er ikkje undersøkt, kanskje avstandsbetrakta med kikkert, eller datagrunnlaget er for dårleg.
- Lokaliteten er undersøkt, men ein har så langt ikkje funne tilstrekkelege biologiske verdiar til at naturtypen vurderast som prioritert.
- DN-handbok 13 om biologisk mangfald prioriterer ikkje dei biologiske verdiane som er påviste.
- Økonomiske omsyn, avgrensa av økonomien i prosjektet.
- Føringar frå DN om kva som skal prioriterast.

2.3 Presentasjon

2.3.1 Generelt

Generell omtale av kommunen med geologi, lausmassar og ulike naturtypar er samla i eigne kapittel. Dei mest verdifulle områda er omtalte på eigne faktaark i kapittel 4.2. Raudlisteartar er omtalte i kapittel 5.

2.3.2 Omtale av lokalitetane

Dei enkelte lokalitetane er omtalte på eigne faktaark. Ein har her følgd DN-handbok 13, av og til med mindre justeringar. Trugsmål nemner ikkje berre dei som er aktuelle i dag, men også slike som kan bli aktuelle i framtida. T.d. er det for skog konsekvent ført opp hogst eller fysiske inngrep som ein negativ faktor. For dei fleste lokalitetane kan fysiske inngrep på eit eller anna tidspunkt verte eit trugsmål.

2.3.3 Kartavgrensing

Alle nummererte lokalitetar er teikna inn på flyfoto (jf. <http://www.gislink.no>). Ut frå dette er lokalitetane digitaliserte. Avgrensingane burde bli temmelig nøyaktige i desse formata. Ein må likevel oppfatte dei fleste avgrensingane som omtrentlege og orienterande, særleg dei større lokalitetane i skog. I tilfelle planar om nye tiltak eller inngrep må det alltid gjennomførast synfaring for om Mogleg å få ei meir detaljert avgrensing.

3 Naturgrunnet

3.1 Naturgeografi og klima

Herøy kommune har eit landareal inkl. ferskvatn på 121 km². 30 km² ligg høgare enn 300 m o.h., medan 39 km² ligg under 60 m o.h., i gjennomsnitt 200 m o.h. Som ein typisk kystkommune er det ikkje overraskande heile 359 øyer i Herøy. Arealet av ferskvatn er lite, berre 1 km², fordelt på 89 vatn. For skog er det gitt opp totalt 6 km², og ein del av dette er dei «nye» furuskogane ved Djupvikvatnet og Kleppefurene på Gurskøya. Kring 1 km² er registrert som myr. Rikmyr, som er viktige for ei rad sjeldne artar, er sjeldan, men funne ved Jøsok (kjelde: Statistisk Sentralbyrå).

Topografien i Herøy vekslar mykje. Typisk er eit dramatisk kystlandskap med fjordar, øyer og fjell. Med mykje bratt landskap er Herøy ein viktig kommune for rasmark og nordvendte kystberg, som òg kan vere viktige naturtypar for naturmangfaldet.

Klimaet i Herøy er eit typisk kystklima, med milde vintrar og etter måten kjølige somrar. Dei store topografiske skilnadene innan kommunen påverkar lokalklimaet mykje, og dei høge fjella på somme av øyane fører til sær varierende solinnstråling gjennom året og døgeret. Naturgeografisk ligg Herøy kommune i sterkt oseanisk vegetasjonssesjon, vintermild underseksjon (O3t), og i boreonemoral til nordboreal vegetasjonssone, med dei boreale områda i fjellet (Moen 1998). I praksis betyr dette eit fuktig, relativt mildt klima og lang vekstsesong, typisk for denne delen av Vestlandet.

Tabell 3. *Temperaturnormalar for Herøy i perioden 1961-90. Kjelde: <http://retro.met.no>.*

Nummer	Stad	jan	feb	mar	apr	mai	jun	jul	aug	sep	okt	nov	des	år
59800	Svinøy Fyr	3,0	2,7	3,2	4,4	7,5	10,1	11,9	12,7	10,9	9,0	5,7	3,9	7,1
59595	Fosnavåg	1,8	1,8	2,8	4,6	8,5	11,1	12,6	13,0	10,6	8,3	4,5	2,7	6,9


Tabell 4. *Nedbørnormalar for Herøy i perioden 1961-90. Kjelde: <http://retro.met.no>.*

Nummer	Stad	jan	feb	mar	apr	mai	jun	jul	aug	sep	okt	nov	des	år
59800	Svinøy Fyr	55	42	49	38	36	46	62	79	105	95	98	75	780
59595	Fosnavåg	137	105	115	85	71	85	111	138	216	204	200	178	1645


3.2 Berggrunn og lausmassar

Mestdelen av berggrunnen er skriven av gråsteinsberg (sur og næringsfattig granittisk gneis). Dette har mykje å seie for plantelivet. Rikare bergartar med artsrik flora er såleis sjeldsynt, men innslag av både glimmerskiferar, glimmergneis og eklogitt, dels også olivin gir opphav til ein meir kravfull flora somme stader. Også på oppblåst skjelsand vil det ofte vere meir kalkkrevande artar.

Når det gjeld lausmasser er det mange stader morenemateriale, medan det særleg i fjord- og dalsider er mykje skredmateriale. I tillegg er her ein del næringsrike, marine strandavsetningar.



Figur 1. Berggrunnskart over Herøy (<http://www.ngu.no>). Lilla viser dei store førekomstane av eklogitt.



Figur 2. Utsnitt av lausmassekart over Herøy (<http://www.ngu.no>). Mest interessant, og næringsrik, er dei marine strandavsetningane markert med mørkt gråblå farge. Desse er likevel i hovudsak bygd ned, eller sterkt negativt kulturpåverka, med eit utarma naturmangfald.

3.3 Kulturpåverknad

Det finst knapt ein einaste kvadratmeter i dei tilgjengelege delar av Herøy som ikkje på ein eller annan måte er eller har vore kulturpåverka. Mykje av den tilgjengelege strandlina og nedlagt dyrkamark eller dyrkbar mark i flatare område er bygd ned. Samstundes er det planta buskfuru og sitkagran ein del stader, og desse er i ferd med å invadere kystlyngheier eller attgroande kulturlandskap. Herøy er i dag ein typisk industrikommune, kor særleg marin og maritim verksemd er viden kjend, og industrien har bandlagt store område etter strendene.

Om utviklinga held fram på same måte, med vidare nedbygging særleg i låglandet, vil det truleg oftare kunne dukke opp konflikhtar i høve til å få byggje i ein del av dei verdifulle naturtypelokalitetane i kommunen. Dette må ein unngå, både av omsyn til det biologiske mangfaldet, til friluftslivet, og ikkje minst i tilhøvet til mål og føringar frå sentrale myndigheiter, som seier at tap av naturmangfald skal stansast innan 2020. Herøy kommune bør snarast utarbeide ein strategiplan i tilhøve til 2020-målet, helst allereie i 2011 (jf. tabell 1 og kapittel 1.5.7). Nytt frå 2010 er også naturmangfaldlova, kor det utarbeidast forskrifter for utvalte naturtypar.

4 Naturtypar

4.1 Hovudnaturtypar

Herøy kommune har førekomst av alle dei sju hovudnaturtypane frå DN-handbok 13: Myr (A), Rasmark, berg og kantkratt (B), Fjell (C), Kulturlandskap (D), Ferskvatn/våtmark (E), Skog (F) og Havstrand/kyst (G).

Tabell 5. Grovt oversyn over hovudnaturtypane i Herøy kommune, med framheving av viktige område og naturtypar. Det er gjort ei enkel vurdering av kartleggingsstatus. I tillegg vert det foreslått vidare kartlegging og eventuelle tiltak der dette vurderast som naudsynt.

Hovudnaturtype, tilstand og kartleggingsstatus	Oppfølging
Myr Herøy har både rikmyr, kystmyr og muleg også terrengdekkande myr. Goksøyryrane er verna, elles er det funne rikmyr ved Jøsokelva.	Kartlegge sentrale, høgareliggande delar av særleg Gurskøya.
Rasmark, berg og kantkratt Mange viktige lokalitetar i Herøy, særleg for nordvendte kystberg, dels også for sørvendt berg og rasmark. Truleg god kartleggingsstatus.	Førebels ingen spesiell.
Fjell Kalkrike fjellområde manglar i kommunen.	Ingen.
Kulturlandskap Både for naturbeitemark og rikare utforming av kystlynghei er det no god kartleggingsstatus.	Følgje opp og ta vare på viktige og svært viktige lokalitetar.
Skog God kartleggingsstatus, og berre førekomstar på Gurskøya er aktuelle etter metodikken i DN-handboka.	Det ville ikkje skade om ein kunne ta vare på furuskogen ved Djupvikvatnet, som tidlegare sto på bruttolista over område føreslegne for vern.
Ferskvatn/våtmark Myklebustvatnet er det viktigaste, og er verna som naturreservat. Også Tuftevatnet har bra kvalitet.	Sikre at Tuftevatnet ikkje øydeleggast.

Hovudnaturtype, tilstand og kartleggingsstatus	Oppfølging
<p><i>Kyst og havstrand</i></p> <p>God kartleggingsstatus for denne naturtypen, m.a. grunna dei tidlege undersøkingane på 1980-talet.</p>	<p>Ta vare på dei viktige områda, kor særleg lokalitetane ved Goksøyr og Valulen er relevante.</p>

4.2 Lokalitetar med nytt feltarbeid i 2009 - 2011

Nedanfor er alle område med nytt feltarbeid i 2009, 2010 og 2011 omtalte, med opplysningar om naturtype, naturverdi og om det er gjort registrering av artar på lokaliteten. Når det gjeld kva artar som vert nemnde, har ein forsøkt å avgrense desse til signalartar, raudlisteartar eller interessante artar generelt, samt artar som er karakteristiske for den aktuelle naturtypen. Nr. for lokalitetar i Naturbase er nemnd, og avgrensingane for desse er ofte annleis no enn tidlegare.

Forkortingar: DH = Dag Holtan, PL= Perry Larsen

1515201 Bergsøya: Hornseten

Nummer i Naturbase:	BN00010846
Hovudnaturtype:	Rasmark, berg og kantkratt
Naturtype:	B04 Nordvendte kystberg og blokkmark
Utforming:	B0402 Sørleg, oseanisk utforming
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	30.07.2010, DH
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skriven av Dag Holtan 07.12.2011, basert på eige feltarbeid 30.07.2010 og litteraturkjelder (Jordal & Grimstad 2001).

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på nordsida av fjellet Hornseten, rett aust for kommunesenteret Fosnavåg. Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, med innslag av glimmerskifer og glimmergneis, og er såleis middels næringsrik. Området ligg i sterkt oseanisk vegetasjonssone, vintermild underseksjon (O3t) og boreonemoral vegetasjonssesksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast til B04 nordvendte kystberg, av sørleg, oseanisk utforming (B0402). Vegetasjonen ligg nær opp til høgstaude-sildreberg (F3c), med nokså mykje berg.

Artsmangfald: Av karplanter kan nemnast sterkt oseaniske artar som hinnebregne og kystmaigull, samt meir næringskrevande artar som bjønnbrodd, dvergjamne, grønburkne, fjellstisel, gulsildre, kvitbladtistel, loppestorr og raudsildre. Lav- og mosefloraen er ikkje tilfredsstillande undersøkt, men her finst mykje dronningmose, som er ein god signalart for det sterkt oseaniske miljøet.

Bruk, tilstand og påverknad: Området grenser til naturbeitemark mot nord og aust, og har nok vore beita ein del tidlegare. I dag er det noko attgroing.

Framande artar: Ingen påvist.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Et ekstensivt beite kan medverke til å hindre rask attgroing.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein liten, men viktig del av dei mange nordvendte kystberga i Herøy.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi den har eit middels godt utvikla artsamangfald, er intakt og har gode bestandar av den tidlegare raudlistearten hinnebregne.

1515202 Bergsøya: Mjeltevikneset

Nummer i Naturbase:	BN00010889
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	D04 Naturbeitemark
Utforming:	D0404 Frisk fattigeng
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	30.07.2010, DH
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skriven av Dag Holtan 07.12.2011, basert på eige feltarbeid 30.07.2010 og litteraturkjelder (Jordal & Grimstad 2001).

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg heilt vest på Bergsøya, på vestsida av Storehornet. Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, og skulle vere næringsfattig. Området ligg i sterkt oseanisk vegetasjonssone, vintermild underseksjon (O3t) og boreonemoral vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast i hovudsak til D04 naturbeitemark, utforminga D0404 frisk fattigeng, men har òg innslag av tørrare parti, kystlynghei og strandberg. Vegetasjonstypar kan etter Fremstad (1997) førast til G4, tørr lynghei (H1), tørr gras- og urterik hei (H2), dels også bergknaus og bergflate (F3d) med mykje dvergsmyle.

Artsmangfald: Lyngheia hadde sparsamt innslag av purpurlyng (NT). Det vart funne 62 planteartar, av desse 12 naturengplanter. Mest interessant i grasmarkene var betydeleg bestandar av dvergsmyle, ein liten, lyskrevande og sterkt kystbunden art som er i tilbakegang på grunn av attgroing. Det vart vidare funne 6 beitemarkssoppar, mellom desse raudlistearten dynetunge (*Geoglossum cookeianum*)(NT) og skjeljordtunge (*G. fallax*). Potensielt bør her finnast ein del fleire raudlista soppar.

Bruk, tilstand og påverknad: Området har vore beita av sau i lang tid, men i det siste har beitetrykket vore lågt, slik at attgroing i dag truar dei biologiske kvalitetane.

Framande artar: Ingen påvist.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området vert sterkare beita i åra som kjem. Lyngsviing bør vurderast.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein viktig del av dei mange strandbeitemarkene i Herøy, og må sjåast i samanheng med området nordaustover mot Igesund.

Grunngjeving for verdivurdering: Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei velutvikla beitemark med nokre interessante artar og eit par raudlisteartar i lågare kategori. Naturtypen er dessutan sårbar (VU).



Figur 3. Dynetunge, rett nok ikkje frå Mjeltevikneset.

1515203 Bergsøya: Storehaugen

Nummer i Naturbase:	BN00010844
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	D07 Kystlynghei
Utforming:	D0706 Purpurlynghei
Verdi:	C (lokalt viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	30.07.2010, DH
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skriven av Dag Holtan 07.12.2011, basert på eige feltarbeid 30.07.2010 og litteraturkjelder (Jordal & Grimstad 2001).

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på vestsida av Bergsøya, vest for bustadfeltet ved Vikane. Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, og skulle vere nokså næringsfattig. Området ligg i sterkt oseanisk vegetasjonssone, vintermild underseksjon (O3t) og boreonemoral vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast til D07 kystlynghei, utforminga D0706 purpurlynghei. Vegetasjonstypar kan etter Fremstad (1997) førast til tørr lynghei (H1) og tørr gras- og urterik hei (H2).

Artsmangfald: Av karplanter kan nemnast bjønnekam, blåkoll, engkvein, finnskjegg, fjellmarikåpe, heiblåfjør, heistorr, knegras, kornstorr, purpurlyng (NT), røsslyng og tiriltunge.

Bruk, tilstand og påverknad: Området har tidlegare vore beita av sau, men i det siste har beitetrykket vore lågt, slik at attgroing i dag truar dei biologiske kvalitetane.

Framande artar: Ingen påvist.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området vert sterkare beita i åra som kjem. Lyngsviing bør også vurderast.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein viktig del av dei mange purpurlyngheiene i Herøy, og må sjåast i samanheng med heile området i dei meir soleksponerte delane av Storehaugen.

Grunngjeving for verdivurdering: Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at det er ei purpurlynghei i sterk attgroing med nokre interessante artar og ein raudlisteart i lågare kategori. Kystlynghei er elles ein truga (EN) naturtype.



Figur 4. Purpurlyng stikk her opp frå eineren, og det er berre eit spørsmål om tid før den forsvinn.

1515204 Bergsøya: Søre Vaulen

Nummer i Naturbase:	BN00010888
Hovudnaturtype:	Kyst og havstrand
Naturtype:	G05 Strandeng og strandsump
Utforming:	G0503
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	30.07.2010, DH
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skriven av Dag Holtan 07.12.2011, basert på eige feltarbeid 30.07.2010 og litteraturkjelder (Holtan mfl. 1986, Jordal & Grimstad 2001).

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i sundet mellom Bergsøya og Nerlandsøya, på Bergsøysida. Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, og skulle vere næringsfattig. Området ligg i sterkt oseanisk vegetasjonssone, vintermild underseksjon (O3t) og boreonemoral vegetasjonssesksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast til G05 strandeng og strandsump, truleg utforminga G0503 hevda med beite (i alle fall tidlegare). Vegetasjonstypar etter Holtan (1986) sitt system er fjøresaltgraseng, saltsiveng, raudsvingel-grusstorreng, strandstjerneforstrand, fjøresivakseng, rustsivakseng, fjørestorreng, havstorreng, strandmyr med m.a. duskull, tangmeldevoll, kvekevoll, lågurt-fleirårsvoll med m.a. gåsemure og høgurt-fleirårsvoll med mykje mjødukt. Elles er det salttilpassa lavflora på berga og undervassenger ute i sjøen.

Artsmangfald: Mest interessante av karplantane er havbendel, havstorr, saltstorr og strandarve. Området er straumrikt, har stor biologisk produksjon og er ein viktig beiteplass for trekkande og overvintrande vassfugl og sjøfugl, særleg ender, lom og skarv.

Bruk, tilstand og påverknad: Tidlegare har her vore godt beita, men i dag er denne meir sporadisk.

Framande artar: Ingen påvist.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Beiting vil ikkje vere negativt.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein viktig del av dei meir utvikla strandengsamfunna i Herøy kommune.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av bra arts- og samfunnsmangfald, utan at strandsamfunna er av dei mest velutvikla.

1515205 Fosnavåg

Nummer i Naturbase:	BN00038799
Hovudnaturtype:	Rasmark, berg og kantkratt
Naturtype:	B04 Nordvendt berg og blokkmark
Utforming:	B0402 Sørleg, oseanisk utforming
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	september 2011, DH
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skriven av Dag Holtan 04.01.2012, basert på eige feltarbeid i september 2011 og litteraturkjelder (Jordal 2007).

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i Fosnavåg sentrum, i den nordvendte skrenten inst i vågen. Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, med innslag av meir næringsrik

glimmerskifer og glimmergneis. Området ligg i sterkt oseanisk vegetasjonssone, vintermild underseksjon (O3t) og boreonemoral vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast til naturtypen B04 nordvendt berg og blokkmark, med B0402 sørleg, oseanisk utforming. Vegetasjonen under berghamrane er open, gras- og urterik med m.a. mykje storfrytle. I bergrota finst fleire stader vegetasjon knytt til bergsprekk og bergvegg (F2), hinnebregneutforming med ulike oseaniske moseartar.

Artsmangfald: Av planter vart det funne m.a. dvergjamne, gulsildre, hinnebregne, kystmaigull, raudsildre, vivendel og svartburkne. Elles vart det funne ulike oseaniske moseartar som gullhårmose, dronningmose, kystband og heimose.

Bruk, tilstand og påverknad: Det kan sjå ut som lokaliteten er noko påverka av luftforureining.

Framande artar: Ingen påvist, men m.a. gran og sitkagran er planta i nærleiken.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Ein bør òg unngå granplanting.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein liten, men viktig del av dei utprega nordvendte kystberga i kommunen.

Grunngjeving for verdivurdering: Området får verdi B (viktig) på grunn av at det er ein middels velutvikla lokalitet med nordvendte kystberg med nokre interessante artar.

1515206 Gurskøya: Hidsnes

Nummer i Naturbase:	BN00038801
Hovudnaturtype:	Rasmark, berg og kantkratt
Naturtype:	B04 Nordvendt berg og blokkmark
Utforming:	B0401 Lavrik utforming
Verdi:	A (svært viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep, attgroing
Undersøkt/kjelder:	september 2010, DH & PL
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skriven av Dag Holtan 04.01.2012, basert på eige feltarbeid i september 2010 saman med Perry Larsen, og litteraturkjelder (Jordal 2007).

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg Vest for Tarberg på nordvestsida av Gurskøya. Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, og skulle vere næringsfattig. Området ligg i sterkt oseanisk vegetasjonssone, vintermild underseksjon (O3t) og boreonemoral vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast til naturtypen B04 nordvendt berg og blokkmark, med B0401 lavrik utforming. Bakkane har store storfrytlebakkar som er i noko attgroing, elles finst røsslynghei og vegetasjon knytt til bergsprekk og bergvegg (F2), hinnebregneutforming med ulike oseaniske moseartar.

Artsmangfald: Særleg interessant og viktig er mange funn av gullprikklav (VU) i vestre del av lokaliteten. Til saman vart det funne minst 7 førekomstar, og dette er dermed den viktigaste bestanden i Herøy kommune, og ein av dei viktigaste i Møre og Romsdal. Av lav elles vart det funne skrubbenever, grynvreng, lungenever, kystvreng, kystårenever, kystgrønnever, kort trollskjegg (NT), gubbeskjegg (NT), rund porelav og klipperagg. Av planter vart det funne hinnebregne (to stader), kystmaigull, fagerperikum, gulsildre, enghumleblom, kusymre, skogkarse, fjellarve, raudsildre, svarttopp, fjellsmelle og bergfrue. Av mosar vart det notert gullhårmose, vengjemose, heimose og kysttornemose m.fl. I 2010 vart her funne ein del vanlege beitemarkssopper (vokssoppar), og potensielt bør her finnast somme raudlisteartar også for denne gruppa.

Bruk, tilstand og påverknad: Området er prega av langvarig beite, men med attgroing i nyare tid. Her er også eit mindre delområde nede ved vegen med spor etter grustekt.

Framande artar: Ingen påvist.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep eller skogplanting. Beitetrykket bør aukast.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein stor og svært viktig del av dei utprega nordvendte kystberga i kommunen.

Grunngjeving for verdivurdering: Området får verdi A (svært viktig) på grunn av at det er ein stor og velutvikla lokalitet med nordvendte kystberg med gode bestandar av den fylkesmessig sjeldne gullprikkklaven, og elles eit godt utval av andre interessante artar.

1515207 Gurskøya: Moltustranda ved Tarberg

Nummer i Naturbase:	BN00010863
Naturtype:	D04 Naturbeitemark
Utforming:	D0404 Frisk fattigeng
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep, attgroing
Undersøkt/kjelder:	september 2010, DH & PL
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skriven av Dag Holtan 23.01.2012, basert på eige feltarbeid i september 2010 saman med Perry Larsen, og litteraturkjelder (Jordal 2007).

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på vestsida av Tarberg på Gurskøya. Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, og skulle vere nokså næringsfattig. Området ligg i sterkt oseanisk vegetasjonssone, vintermild underseksjon (O3t) og boreonemoral vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast til D04 naturbeitemark, utforminga D0404 frisk fattigeng, dels også med dominans av meir utprega høgstaudevegetasjon eller lynghei. Vegetasjonstypar kan etter Fremstad (1997) førast til F1, G1, G4, H1 og H2.

Artsmangfald: Av 38 planteartar var 12 naturengplanter, alle vanlege artar. Av beitemarkssoppar er det til saman funne 26 artar (53 poeng), og fleire av desse er sjeldne. Mellom desse var sauevokssopp (VU) og fiolett greinkøllesopp (VU). Den sistnemnde arten er ikkje tidlegare funnen på ytterkysten, berre i lågareliggjande fjordstrok opp til 350 meter over havet. Det fanst og god bestand av raud honningvokssopp (NT). andre raudlista soppar var gulbrun narrevokssopp (NT) og musserongvokssopp (NT). I 1930 vart det også funne kvitkurle (NT) og solblom (VU) innanfor eller nær den avgrensa teigen. Desse er ikkje funne att seinare.

Bruk, tilstand og påverknad: Sjølv om lokaliteten er prega av langvarig beite gror han i dag att grunna lågare beitetrykk enn før.

Framande artar: Ingen påvist.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området framleis vert beita, gjerne med eit vesentleg høgare beitetrykk enn i dag.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein viktig del av nordvestsida av Gurskøya, som har store område med naturbeitemark og dels beita kystberg.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi her framleis er innslag av raudlista beitemarkssoppar. Naturtypen er dessutan sårbar (VU).



Figur 5. Fiolett greinkøllesopp er ein god indikator for naturbeitemarker med lang hevd.

1515208 Gurskøya: Moltustranda vest for Løset

Nummer i Naturbase:	BN00010861
Naturtype:	D04 Naturbeitemark
Utforming:	D0404 Frisk fattigeng
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep, attgroing
Undersøkt/kjelder:	september 2010, DH & PL
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skriven av Dag Holtan 22.01.2012, basert på eige feltarbeid i september 2010 saman med Perry Larsen, og litteraturkjelder (Jordal & Grimstad 2001).

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg mellom Løset og Løsethammaren nordvest på Gurskøya, like vest for Løset. Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, og skulle vere næringsfattig. Området ligg i sterkt oseanisk vegetasjonssone, vintermild underseksjon (O3t) og boreonemoral vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast til D04 naturbeitemark, utforminga D0404 frisk fattigeng, også med innslag av steinur, kystlynghei og meir høgstausedominert vegetasjon. Vegetasjonstypar kan dermed etter Fremstad (1997) førast til G1, G4a, H1, H2 og H3.

Artsmangfald: Det er funne 38 planteartar av desse 10 naturengplanter, alle vanlege artar. Det må her leggest til at den sjeldne naturengplanten kvitkurle (NT) vart funnet ved Løset av botanikaren Ove Dahl 02.08.1894, og same art er funne fleire gonger i nærliggjande område (Moldtubakkane, og Moldtuskrån mot Hisegga) av H. Goksøyr i 1930 (herbariet i Oslo). Det er ikkje umuleg at kvitkurle kan finnast i området framleis. Elles vart det funne gulsildre. Av beitemarkssoppar vart det funne 14 artar (24 poeng), m.a. raud honningvokssopp (NT) som også var her i 2010.

Bruk, tilstand og påverknad: Sjølv om lokaliteten er prega av langvarig beite gror han i dag att grunna lågare beitetrykk enn før.

Framande artar: Ingen påvist.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området framleis vert beita, gjerne med eit vesentleg høgare beitetrykk enn i dag.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein viktig del av nordvestsida av Gurskøya, som har store område med naturbeitemark og dels beita kystberg.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi her framleis er innslag av raudlista beitemarkssoppar. Naturtypen er dessutan sårbar (VU).

1515209 Gurskøya; Dragsund: Rambjørhammaren

Nummer i Naturbase:	BN00010874
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	F07 Gammal lauvskog
Utforming:	F0703 Fuktig kystskog
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	september 2010, DH & PL
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skriven av Dag Holtan 23.01.2012, basert på eige feltarbeid i september 2010 saman med Perry Larsen, og litteraturkjelder (Jordal & Grimstad 2001).

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg lengst nord på halvøya nord for Dragsund. Berggrunnen består av eklogitt, og skulle vere middels næringsrik. Området ligg i sterkt oseanisk vegetasjonssone, vintermild underseksjon (O3t) og boreonemoral vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast til F07 gammal lauvskog, utforminga F0703 fuktig kystskog. Vegetasjonstypar kan etter Fremstad (1997) førast til storbregnebjørkeskog med innslag av høgstaudebjørkeskog (C2 og C3), i tillegg til bergvegg/bergflate med fuktkrevande lavartar (F2b).

Artsmangfald: Av karplanter kan nemnast geittelg, storklokke, trollbær, myske, kystmaigull og grønburkne. Både storklokke og trollbær er uvanlege ute på kysten. Området har også eit rikt og godt utvikla lungeneversamfunn, m.a. med artane buktporelav, grynporelav, kystfiltlav, kystnever, lungenever, muslinglav, rund porelav, skrubbenever, skrukkelav, sølvnever og vanleg blåfiltlav. Buktporelav og grynporelav har nordgrense i Møre og Romsdal. Her er også del av leveområde for oter (VU).

Bruk, tilstand og påverknad: Området er utan spor etter nyare kulturpåverknad, men har truleg vore noko beita tidlegare.

Framande artar: Ingen påvist.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten framstår som ein liten oase med gammal naturskog i eit storskalalandskap som elles er sterkt prega av inngrep som busetnad og industriområde.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi her er eit bra arts mangfald pluss at naturtypen er sjeldan på ytterkysten.

1515210 Gurskøya: Raudskar

Nummer i Naturbase:	BN00010911
Hovudnaturtype:	Rasmark, berg og kantkratt
Naturtype:	B03 Ultrabasisisk og tungmetallrik mark i låglandet
Utforming:	B0301 Ultrabasisisk utforming
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	28.07.2010, DH & PL
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skriven av Dag Holtan 20.01.2012, basert på eige feltarbeid i 28. juli 2010 saman med Perry Larsen, og litteraturkjelder (Jordal & Grimstad 2001). Området vart også undersøkt av Bjørlykke (1938).

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Raudskaret ligg søraust på Gurskøya, om lag 3,5 km vest for Jøsok. Berggrunnen består dels av olivin, som er ultrabasisisk med ein pH på opp mot 9. Området ligg i sterkt oseanisk vegetasjonssone, vintermild underseksjon (O3t) og boreonemoral vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast til ultrabasisisk og tungmetallrik mark i låglandet, ultrabasisisk utforming. Vegetasjonstypar kan etter Fremstad (1997) førast til F6a, dels også fukthei H3.

Artsmangfald: Av karplanter kan nemnast bjønnbrodd, blankburkne, blåknapp, breiull, dvergjamne, enghumbleblom, engstorr, fagerperikum, grønburkne, gulsildre, heiblåfjør, heisiv, loppestorr, storblåfjør (på grunt olivinberg), svartburkne og svarttopp. Det vart ikkje funne interessante mosar.

Bruk, tilstand og påverknad: Området gror att, og er no i ein suksesjon mot furuskog. Tidlegare har her vore mykje beita. Elles er her innslag av fornminne (helleristingar).

Framande artar: Ingen påvist.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi naturtypen nasjonalt sett dekker små areal, og samla sett under press grunna bergtekt. Her er også potensial for raudlisteartar i høgare kategori, særleg brunburkne (EN).



Figur 6. Særeige formasjonar ved Raudskaret, typisk for olivin.

1515211 Gurskøya: Jøsokelva

Nummer i Naturbase:	Ny lokalitet
Hovudnaturtype:	Ferskvann/våtmark
Naturtype:	A05 rikmyr
Utforming:	A0505 Open intermediær og rikmyr i låglandet
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	28.07.2010, DH & PL
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skriven av Dag Holtan 20.01.2012, basert på eige feltarbeid i 28. juli 2010 saman med Perry Larsen.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Jøsokelva ligg søraust på Gurskøya, om lag 1,5 km vest for Jøsok. Berggrunnen består dels av lagdelt amfibolitt, og er middels næringsrik. Området ligg i sterkt oseanisk vegetasjonssone, vintermild underseksjon (O3t) og boreonemoral vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast til A05 rikmyr, med utforminga A0505 open intermediær og rikmyr i låglandet. Vegetasjonstypar kan etter Fremstad (1997) førast til fastmattemyr L2, dels også fukthei H3 eller røsslyng-bjønnekamhei H4.

Artsmangfald: Av karplanter kan nemnast bjønnebrodd, blåknapp, breiull, dvergjamne, enghumleblom, engstorr, fagerperikum, gulsildre, gulstorr, heiblåfjør, heifrytle, heisiv, loppestorr, marigras, myrsaulauk, svartopp og særbustorr. Det vart ikkje funne interessante mosar.

Bruk, tilstand og påverknad: Området er i dag nokså hardt beita av sau, noko som har betra kvaliteten på området etter tidlegare attgroing.

Framande artar: Ingen påvist.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Beitinga bør oppretthaldast.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi naturtypen er sjeldan ute på Sunnmørskysten og er nasjonalt truga (EN).



Figur 7. Rikmyr i heia ved Jøsokelva, men ein god signalart som breiull.

1515212 Gurskøya: Tarbergtua

Nummer i Naturbase:	BN00010910
Hovudnaturtype:	Rasmark, berg og kantkratt
Naturtype:	B04 Nordvendt berg og blokkmark
Utforming:	B0402 Sørleg, oseanisk utforming
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	September 2010, DH & PL
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skriven av Dag Holtan 04.01.2012, basert på eige feltarbeid i september 2010 saman med Perry Larsen, og litteraturkjelder (Jordal 2007).

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg mellom Tarberg og Tarbergtua nord på Gurskøya. Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, og skulle vere næringsfattig. Området ligg i sterkt oseanisk vegetasjonssone, vintermild underseksjon (O3t) og boreonemoral vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast til naturtypen B04 nordvendt berg og blokkmark, med B0402 sørleg, oseanisk utforming. Her er dessutan no oppslag av bjørkeskog. Vegetasjonstypar kan etter Fremstad (1997) førast til m.a. bergsprekk og bergvegg, baserik utforming F2c.

Artsmangfald: I kløftene her finst rike førekomstar av hinnebregne, og som i dei andre tilsvarende lokalitetane nord på Gurskøya rike førekomstar av fjellplanter. Spesielt kan ein nemne rabbesiv, elles veks også taggbregne her, ei ikkje så vanlig plante ute ved kysten. Lokaliteten har også ein variert moseflora blant andre gullhårrose, dronningmose, ein art i slekta *Cephalozia* (glefsemosar) og fleire andre levermosar. Av lav fins her buktporelav, den eine av 2 kjende lokalitetar av denne arten i Herøy. Ove Dahl nemner at han under Hidsegga på nordsida har funne kvitbladtistel, turt, skoggråurt, jordnøtt, skogsvinerot, og kanskje mest interessant: grønkurle og den raudlista kvitkurle (Dahl 1895, jfr. Jordal & Gaarder 1998a). Frå Moldtustranda nemner han vidare kranskonvall og brudespore, utan at dette er nærare stadfesta. I 2010 vart her også funne dvergjamne, fjellsyre, fjellsmelle, gulsildre, jordnøtt, jåblom, kusymre, ramslauk, sumphaukeskjegg, svarttopp og turt.

Bruk, tilstand og påverknad: Området er utan negativ kulturpåverknad, og er i dag dels inne i ein suksesjon mot bjørkeskog.

Framande artar: Ingen påvist.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein viktig del av dei mange nordvendte kystberga i kommunen, som har ei opphoping av interessante lokalitetar nord og nordvest på Gurskøya.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi den velutvikla er og har ein variert flora.

1515213 Herøyfjorden: Herøya

Nummer i Naturbase:	BN00010905
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	D04 Naturbeitemark
Utforming:	D0404 Frisk fattigeng
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	05.08.2010, DH
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skriven av Dag Holtan 25.01.2012, basert på eige feltarbeid 05.08.2010 og litteraturkjelder (Jordal & Grimstad 2001).

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på Herøya vest i Herøyfjorden. Berggrunnen består dels av glimmerskiferar, og skulle vere middels næringsrik. Området ligg i sterkt oseanisk vegetasjonssone, vintermild underseksjon (O3t) og boreonemoral vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast til D04 naturbeitemark, mest utforminga D0404 frisk fattigeng. Det er utarbeidd eit enkelt vegetasjonskart for øya (Isene 1994). Vegetasjonen i naturbeitemarkene er i første rekkje ulike utformingar av kalkfattige enger, men det er også meir basepåverka parti med m. a. vårmarihand (G1, G4 og G11). Av særskilt interesse er eit slåpetornkratt (F5b, sjå nedanfor). Elles finst lyngheier, lauvskog og kratt (H1, H2, H3 og A4), m.a. med innslag av ask (NT).

Artsmangfald: Her veks slåpetorn (UTM: LQ 277 135) i vika like nordaust for Skafferholmen, som einaste veksestad i fylket. Dette er norsk nordgrense, men ein kjenner ikkje historia til førekomsten, og det kan ikkje utelukkast at den er kulturspreidd. Det er eit større tal planter frå små og krypande til større kratt som følgjer ei lita fjellsprekk som går i aust-vestretning. Vårmarihand er funnen i gode bestandar hovudsakeleg i askeskogen midt på øya. Av andre interessante artar kan nemnast jordnøtt, hårsvæve, knollerteknapp, nattfiol, raudsildre, sylvlarve, bitterbergknapp og villapal. I naturbeitemark vart det vidare funne 8 beitemarkssoppar (10 artspoeng). Ein av desse,

raudskivevokssopp står som nær truga (NT) på raudlista. Lavfunn: dei fuktkrevande vanleg blåfiltlav, lungenever, kystgrønnever, gryneporelav og skrubbenever er funne på berg nær sjøen (indikerer fuktig lokalklima), særleg sør på øya.

Bruk, tilstand og påverknad: Herøya er i første rekkje eit gammalt kulturlandskap som sidan 1974 har vore i Herøy kommune sin eige. Sidan 1981 har her vore kystmuseum i bygningane. I dag er det ein mosaikk av fulldyrka mark, utmarksbeite, bergrabbar, bjørkeskog og kratt av øyrevier. Det er kjent at det var drift her i 1657 (Isene 1994). Kulturlandskapet har ein del kantområde som er overflatedyrka eller udyrka med tidlegare ljåslåttemark, no naturbeitemark.

Framande artar: Platanlønn og framande bartre (gran og sitkagran) er i spreing.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for jordarbeiding, gjødsling eller sprøyting. Beitinga må oppretthaldast. Framande artar bør fjernast, og området bør få eigen skjøtelsesplan.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein viktig del av det samla sett heilskaplege kulturlandskapet på øya.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi det er eit variert og velutvikla kulturlandskap, med stort sett vanlege artar, i tillegg til nokre fuktkrevande lavartar tilhøyrande lungeneversamfunnet på berg.



Figur 8. Frå sørvestsida av Herøya.

1515214 Leinøya: Grønelida

Nummer i Naturbase:	BN00010886
Hovudnaturtype:	Rasmark, berg og kantkratt
Naturtype:	B04 Nordvendt berg og blokkmark
Utforming:	B0402 Sørleg, oseanisk utforming
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugs mål:	Fysiske inngrep

Undersøkt/kjelder: 29.07.2010, DH & PL
Stadkvalitet: God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skriven av Dag Holtan 24.01.2012, basert på eige feltarbeid 29.07.2010 saman med Perry Larsen, og litteraturkjelder (Jordal & Grimstad 2001).

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på nordsida av Leinøya, litt aust for Volsund. Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, og skulle vere næringsfattig. Området ligg i sterkt oseanisk vegetasjonssone, vintermild underseksjon (O3t) og boreonemoral vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast til B04 nordvendt berg og blokkmark, med B0402, sørleg oseanisk utforming. Vegetasjonstypar kan etter Fremstad (1997) førast til bergsprekk og bergvegg, baserik utforming F2c. Rundt lokaliteten dominerer tørr lynghei H1.

Artsmangfald: Det vart funne fuktkrevande lavartar som lungenever, skrubbenever og kystgrønnever. Av planter er det grunn til å nemne dvergjamne, hinnebregne, loppestorr, raudsildre, gulsildre, fjellsmelle som vaks i berget og i rike sig, vidare kusymre, kvitbladtistel, vivendel og rabbesiv. Elles vart det funne dronningmose, som er sterkt kystbunden.

Bruk, tilstand og påverknad: Tidlegare har her truleg vore mykje beita, men den bruken er det slutt på i dag.

Framande artar: Ingen påvist.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsetast for fysiske inngrep. Beiting vil vere positivt for vegetasjonen.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein liten, men likevel viktig del av dei mange nordvendte kystberga i Herøy.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av hinnebregne og middels velutvikla utforming av naturtypen nordvendte kystberg.

1515215 Leinøya: Leinehornet

Nummer i Naturbase: BN00010862
Hovudnaturtype: Kulturlandskap
Naturtype: D07 Kystlynghei
Utforming: D0701 tørr lynghei (40 %), D0703 fuktig lynghei (20 %), røsslyng-bjønnekamhei (10 %) D0704, purpurlynghei D0706 (5 %) og ymse myr (20 %)
Verdi: B (viktig)
Moglege trugsmål: Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder: September 2010, DH
Stadkvalitet: Middels god

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skriven av Dag Holtan 30.01.2012, basert på eige feltarbeid i september 2010 og litteraturkjelder (Fremstad m.fl. 1991, Jordal & Grimstad 2001).

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg sentralt på Leinøya, og dekkjer mykje av det småkuperte arealet over skoggrensa frå Leine i nord til områda vest for Torvika i sør. Berggrunnen består mest av granittisk gneis, dels glimmergneis, med ein mindre kropp eklogitt i aust. Området ligg i sterkt oseanisk vegetasjonssone, vintermild underseksjon (O3t) og boreonemoral vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast til D07 kystlynghei, med utformingane D0701 tørr lynghei (meir enn 40 %), D0703 fuktig lynghei (om lag 20 %), D0704 røsslyng-bjønnekamhei (kring 10 %) og D0706, purpurlynghei (inntil 5 %, utbreidd i sørhellingar). I tillegg kjem om lag 20 % av ymse myr. Vegetasjonstypar kan etter Fremstad (1997) m.a. førast til H1, H2 og H3.

Artsmangfald: Mest interessant mellom karplantane er gode førekomstar av raudlistearten purpurlyng (NT), helst i sørhellingar. Tidlegare er her registrert 111 ulike artar, men ingen av dei er uvanlege eller sjeldne på Sunnmøre, men knollerteknapp er for så vidt eit interessant funn.

Bruk, tilstand og påverknad: Området vart sist brent kring 1975, og er i dag i ein sterk attgroingsfase, med mykje gammal lyng og generelt høgt innslag av etter kvart nokså grov einer. I tillegg er det også meir oppslag av lauvtre enn kva det var under Fremstad m.fl. (1991) sine undersøkingar. Her er store plantefelt med gran og sitkagran inntil lokaliteten, og både for desse og for buskfuru er det registrert spreining. Ved Sollia er det dessutan ei kraftline. Tidlegare var her mykje beita, i dag berre sporadisk.

Framande artar: Buskfuru, bergfuru, gran, platanlønn og sitkagran.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Vidare er det eit akutt behov for å ta opp att skjøtselen i form av krattrydding og lyngsviing, men dette må vere i kombinasjon med beiting. Skjøtselsplan bør utarbeidast.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein viktig del av dei intakte kystlyngheiene i Herøy, og dels også regionalt.

Grunngjeving for verdivurdering: Jordal & Grimstad ga i 2001 lokaliteten verdi A (svært viktig), grunna storleik, utforming og innslag av godt utvikla purpurlynghei. I dag har attgroinga kome så langt at verdien er redusert, slik at han i dag vurderast å ha verdi B (viktig) (jf. Jordal & Grimstad 1991). Vegetasjonstypen er dessutan truga (EN).

1515216 Leinøya: Nøre Vaulen

Nummer i Naturbase:	BN00010860
Hovudnaturtype:	Kyst og havstrand
Naturtype:	G05 Strandeng og strandsump
Utforming:	-
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	September 2010, DH
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skriven av Dag Holtan 30.01.2012, basert på eige feltarbeid i september 2010 og litteraturkjelder (Holten m.fl. 1986, Jordal & Grimstad 2001).

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på og rundt Remøyholmen mellom Leinøya og Remøya. Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, og skulle vere næringsfattig. Området ligg i sterkt oseaensk vegetasjonssone, vintermild underseksjon (O3t) og boreonemoral vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast til G05 strandeng og strandsump, kan hende med utformiga G0501 stort strandengkompleks. Vegetasjonstypar kan etter Holten m.fl. sitt system (1986) førast til småtjønnakssamfunn (berre på nordsida under brua), salturpanne/forstrand, fjøresaltgraseng, saltsiveng, raudsvingel-tiriltunge-fjørekkolleng (mest på Remøyholmen), strandstjerne-strandkryp-strandkjempeeng, havbendel-grusstrand, fjøresivakseng, fjørestorring, havstorring, smårørkveineng (berre på nordsida, under brua, bakre myrliknande våtmark i to utformingar: a) med m.a. vanleg myrklegg, myrmjølke og blåtopp, b) strandmyr med mye duskull, taresaltgras-grusstrand (berre på sørsida, med mykje strandkjempe og strandkryp), tangmeldevoll (berre på sørsida), balderbrå-dåvoll (berre på sørsida), kvekevoll (berre på sørsida). Samfunnet havbendel-grusstrand har fine utformingar på austsida av Remøyholmen. Sjeldne samfunnstypar av vernemessig betyding er smårørkveineng og balderbråvoll.

Artsmangfald: Området er artsrikt (80 artar registrerte). Sjeldne artar som bogestorr (*Carex maritima*) og saltstorr (*C. vacillans*) er funne. Elles er det serleg rundt Remøyholmen viktige beiteplassar for sjø- og vassfugl i trekketidene og om vinteren.

Bruk, tilstand og påverknad: Naustrekke bygd ved nygraven kanal på nordsida. Diverse rasktøming. Tidlegare slått i samfunnet G3 på Remøyholmen. Bru og riksvegtrasé passerer sundet og over Remøyholmen (steinfyllingar).

Framande artar: Ingen påvist.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein viktig og meir artsrik del av strandengkompleksa i Herøy.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi det har ei velutvikla strandeng/strandsumpområde med bra artsutval.

1515217 **Leinøya: Storevika**

Nummer i Naturbase:	BN00038800
Hovudnaturtype:	Rasmark, berg og kantkratt
Naturtype:	B04 Nordvendt berg og blokkmark
Utforming:	B0402 Sørleg, oseanisk utforming
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	september 2011, DH
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skriven av Dag Holtan 06.02.2012, basert på eige feltarbeid i september 2011 og litteraturkjelder (Jordal 2007).

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg rett sør for Torvika heilt søraust på Leinøya. Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, og skulle vere næringsfattig. Området ligg i sterkt oseanisk vegetasjonssone, vintermild underseksjon (O3t) og boreonemoral vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast til B04 nordvendt berg og blokkmark, av B0402 sørleg, oseanisk utforming. Vegetasjonen under berghamrane er open kystlynghei med spreidde busker. I bergerota finst fleire stader vegetasjon knytt til F2 bergsprekk og bergvegg, hinnebregneutforming med ulike oseaniske moseartar.

Artsmangfald: Av planter vart det funne m.a. hinnebregne, kystmaigull og knollerteknapp. Elles vart det funne diverse fuktkevande mosar og lav, m.a. gullhårrose, vengjemose, dronningmose, grannkrekmose og lungenever.

Bruk, tilstand og påverknad: Tidlegare har ver vorte beita, men denne bruken er det slutt på i dag.

Framande artar: Ingen påvist.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep eller tilplanting.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein liten, men likevel viktig del av dei nordvendte kystberga i kommunen.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi det er ein middels velutvikla lokalitet med nordvende kystberg med nokre interessante artar.

1515218 **Leinøya: Volsund**

Nummer i Naturbase:	BN00010885
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	D04 Naturbeitemark (60 %), D07 Kystlynghei (40 %)
Utforming:	D0404 Frisk fattigeng, D0703 Fuktig lynghei, D0706 Purpurlynghei
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	September 2010, DH & PL
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skriven av Dag Holtan 06.02.2012, basert på eige feltarbeid i september 2010 saman med Perry Larsen, og litteraturkjelder (Jordal & Grimstad 2001).

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på sørsida av busetnaden på Voldsund, lengst nordvest på Leinøya. Lokaliteten består av langstrekke, steinete naturbeitemarker og lynghei ovafor busetnaden i Volsund, i nordvestvendte skråningar under Leinehornet. Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, og skulle vere næringsfattig. Området ligg i sterkt oseanisk vegetasjonssone, vintermild underseksjon (O3t) og boreonemoral vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området først til D04 naturbeitemark, med utforminga D0404 frisk fattigeng. Her er dessutan innslag av D07 kystlynghei, helst utforminga D0703 fuktig lynghei, men òg med innslag av D0706 purpurlynghei. Vegetasjonen har attgroingsstadium av ulike, i hovudsak kalkfattige engsamfunn (friske til fuktige; G1 og G4), og ulike utformingar av kystlynghei, dels med innslag av purpurlyng (H1, H2 og H3).

Artsmangfald: Det er i alt notert 36 planteartar i beitemarkene, av desse 8 naturengplanter. Av artar kan nemnast purpurlyng (NT), loppestorr og særbustorr. Det er vidare funne 5 beitemarkssoppar (12 artspoeng). Den einaste som var av særleg interesse var praktraudskivesopp (VU). Denne arten vert sett på som ein svært god indikator på langvarig og god hevd, og på særleg verdifulle naturbeitemarker. Dette kan indikere at Volsund har svært gamle og verdifulle beitemarker, men som no dessverre er i attgroing.

Bruk, tilstand og påverknad: Tidlegare har her vore mykje beita, truleg også slått, men i dag er området i sterk attgroing.

Framande artar: Ingen påvist.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Beitetrykket må aukast mykje dersom det er ønskeleg å oppretthalde området som lynghei eller beitemark. Det må ikkje gjødslast eller pløyast.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein viktig del av mange verdifulle beitemarker/lyngheier i kommunen.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi her er store og gamle beitemarker med førekomst av ein sårbar art. Vegetasjonstypen er dessutan truga (EN).

1515219 Nerlandsøya: Andbøvika

Nummer i Naturbase:	BN00010872
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	D04 Naturbeitemark, D07 Kystlynghei
Utforming:	D0404 Frisk fattigeng, D0703 Fuktig lynghei
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	September 2010, DH & PL
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skriven av Dag Holtan 30.01.2012, basert på eige feltarbeid i september 2010 saman med Perry Larsen, og litteraturkjelder (Jordal & Grimstad 2001, Jordal & Gaarder 1993, 1998).

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg mellom Verpingsneset og Teigeneset, og er dei tidlegaste rapportane kalla for Verpingsneset. Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, og skulle vere næringsfattig. Området ligg i sterkt oseanisk vegetasjonssone, vintermild underseksjon (O3t) og boreonemoral vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området først til D07 kystlynghei, med utforminga D0703 fuktig lynghei, på flatene også med høgt innslag av D04 naturbeitemark og utforminga D0404 frisk fattigeng. Beitevegetasjonen er prega av dels kalkfattig eng med engkvein, gulaks og urter, dels av meir kalkpåverka fukthei og sig med mange kalkkrevande artar (G4a og G11). Vegetasjonen i omgjevnadene er elles noko prega av heivegetasjon, med bjønnekam, storfrytle, heistorr, heisiv og lyngartar (G1d, H1, H2 og H3).

Artsmangfald: Det er i alt funne 55 planteartar, mellom desse 17 naturengplanter. Mest interessant er førekomst av purpurlyng (NT) og meir kalkkrevande fuktengartar som blåstorr, kornstorr og loppestorr. Andre artar var blåklokke, heiblåfjør, kattedot, smalkjempe og tiriltunge. Det kan elles nemnast at Jens Holmboe har funne bakkesøte ved Kvalsund i 1920 (herbariet i Bergen). Det vart funne 2 jordtungearter i beita vegskulder. Av beitemarkssoppar elles er det funne 10 artar. Eit spesielt funn må nemnast; oransje bålbitersopp.

Bruk, tilstand og påverknad: Her har vore beita over lang tid, men i dag ser det ut som om beitinga er meir eller mindre tilfeldig. Det går også ein veg gjennom lokaliteten.

Framande artar: Ingen påvist.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Beitinga må aukast dersom det er ønskeleg å oppretthalde lokaliteten som naturbeitemark.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein viktig del av kulturlandskapet på Nerlandsøya.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at dette er velutvikla naturbeitemarker av ein viss storleik med funn av nær truga raudlistearter. Naturtypane er også truga (EN).

1515220 Nerlandsøya: Barmen

Nummer i Naturbase:	BN00010864
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	D07 Kystlynghei
Utforming:	D0701 Tørr lynghei, D0703 Fuktig lynghei, D0706 Purpurlynghei
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	12.06.2010, DH & PL
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skriven av Dag Holtan 30.01.2012, basert på eige feltarbeid i 12.06.2010 saman med Perry Larsen, og litteraturkjelder (Fremstad m.fl. 1991, Jordal & Grimstad 2001).

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten utgjer det meste av den oppstikkande åsen lengst nord på Nerlandsøya. Berggrunnen består av migmatitt-granittisk gneis. Jordsmonnet er relativt næringsfattig, men morene- og rasmateriale med god sivevasspåverknad kan gje stadvis gode næringstilhøve. Området ligg i sterkt oseanisk vegetasjonssone, vintermild underseksjon (O3t) og boreonemoral vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast til D07 kystlynghei, med utformingane D001 tørr lynghei, D0703 fuktig lynghei og D0706 purpurlynghei. Dei nedre delane mot innmarka er beitemarker med grasdominans. Lyngdominert vegetasjon er mest utbreidd oppover fjellet Barmen (278 m o.h.). Elles er det mykje flekkvis lynghei og grashei. Både tørre og fuktige heitypar finst (H1, H2 og H3, dessutan G1). Struktur og tilstand i heia er i dag middels god.

Artsmangfald: Av karplanter kan nemnast blåklokke, heiblåfjør, kattedot, purpurlyng (NT), smalkjempe og tiriltunge.

Bruk, tilstand og påverknad: Tidlegare har her vore mykje beita, men i dag er denne bruken meir eller mindre tilfeldig. Her finst også spor etter lyngsviing og krattrydding.

Framande artar: Ulike framande bartre er under innvandring, og kjem frå plantefelt som dels ligg innanfor avgrensinga.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Beitetrykket burde ha vore høgare, og lyngheia burde ha vore skjøtta, mellom anna bør bartre takast ut. Området er elles omfatta av prosjektet "Fiskarbonden sin arv" (rapport nr 1-2009 frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, landbruksavdelinga).

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein viktig del av kulturlandskapet på Nerlandsøya.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi den utgjer eit velutvikla lyngheiområde med innslag av purpurlyng, men som no er i gradvis atgroing. Naturtypen er også truga (EN).

1515221 Nerlandsøya: Kaldalsbukta

Nummer i Naturbase:	BN00010891
Hovudnaturtype:	Rasmark, berg og kantkratt/Kulturlandskap
Naturtype:	B04 Nordvendte kystberg og blokkmark (60 %), D07 Kystlynghei (40 %)
Utforming:	B0402 Moserik utforming, D0703 Fuktig lynghei, D0706 Purpurlynghei
Verdi:	A (svært viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	13.06.2010, DH & PL
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skriven av Dag Holtan 07.02.2012, basert på eige feltarbeid seinast 13.06.2010 saman med Perry Larsen, og litteraturkjelder (Jordal & Grimstad 2001).

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg mellom Langeneset og Myraneset på Nerlandsøya. Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, og skulle vere næringsfattig. Området ligg i sterkt oceanisk vegetasjonssone, vintermild underseksjon (O3t) og boreonemoral vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast til B04 nordvendte kystberg og blokkmark, med B0402 moserik utforming, dessutan D07 kystlynghei (om lag 40 %), i hovudsak D0703 fuktig lynghei. Lyngheia høyrer til H3 røsslyng-bjønnekamhei, medan dei moserike berga er av typen høgstaude-sildreberg (nær F2c).

Artsmangfald: Mest interessant var funnet av kystblåfjelllav (VU). Det vart elles funne mange fuktikrevande lavartar som sølvnever, lungenever, vanleg blåfjelllav, skrubbenever og kystgrønnever. Av planter er det grunn til å nemne blåstorr, engstorr, loppestorr, raudsildre, gulsildre, svarttopp og særstorr som vaks i berget og i rike sig, dessutan hinnebregne og kystmaigull som vaks under berget. Her finst også 4 orkideartar, m.a. vårmarihand og nattfiol. Av planter elles kan nemnast dvergsmyle, purpurlyng (NT) og ramslauk. Elles vart det funne sterkt kystbundne mosar som gullhårrose og dronningrose.

Bruk, tilstand og påverknad: Tidlegare har her truleg vore bra beita, i dag ser ein berre få sauer her.

Framande artar: Ingen påvist.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Beitetrykket bør likevel aukast, da området i dag gror att med buskar og tre.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjør ein svært viktig del av dei nordvendte kystberga i Herøy.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi A (svært viktig) på grunn av stor artsrikdom og ei velutvikla utforming av naturtypen nordvende kystberg, med funn av to kravfulle raudlisterartar.



Figur 9. Frå Kaldalsbukta.

1515222 Nerlandsøya: Muleneset

Nummer i Naturbase:	BN00010879
Hovudnaturtype:	Rasmark, berg og kantkratt
Naturtype:	B01 Sørvendt berg og rasmark
Utforming:	B0101 Kalkrik og/eller sørvendt bergvegg
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	30.05.2003, DH
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skriven av Dag Holtan 09.02.2012, basert på eige feltarbeid 30.05.2003, og litteraturkjelder (Jordal & Grimstad 2001).

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i sørskrenten lengst nordvest på Nerlandsøya. Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, og skulle vere næringsfattig. Dette er eit sør/sørvestvendt, vêrutsett fjellparti på Nerlandsøya med bratte sider mot havet. Området er generelt prega av bratte hamrar og stupbratte grasbakkar, men med urer her og der. Fleire stader er det grotter og hóler. Området ligg elles i sterkt oseanisk vegetasjonssone, vintermild underseksjon (O3t) og boreonemoral vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast til B01 rasmark, berg og kantkratt, med utforminga B0101 kalkrik og/eller sørvendt bergvegg. Vegetasjonen er dels ulike utformingar av sørvendte berg- og rasmarksamfunn, dels kulturbetinga grasmark, litt lynghei med purpurlyng og strandberg/fuglegjødsla vegetasjon (F1, F2, G1, H1b, X1 og X2 etter Fremstad 1997).

Artsmangfald: Av interessante planteartar kan nemnast bergasal, blankburkne, dikesvineblom, jordnøtt, kattedot, kusymre, kvitsoleie, myskegras, nattfiol, nyresoleie, purpurlyng (NT), ramslauk,

rundskolm, sanikkel, svartburkne, vivendel, vårkål og vårmarihand, oppe på fjellet også musøyre. I 2003 vart også havburkne (NT) funnen. Området har også ein viktig funksjon som viltlokalitet, og 20.05.2010 vart delar av området verna som sjøfuglkoloni.

Bruk, tilstand og påverknad: Tidlegare har her truleg vore bra beita, i dag ser ein berre få sauer her.

Framande artar: Ingen påvist.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Beitetrykket bør likevel aukast, da området i dag gror att med buskar og tre.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein av dei viktigaste utformingane for denne naturtypen i Herøy.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi det er eit variert kystområde med artsrike, sørvendte berg og særtrekk som ein finn på svært små areal i Møre og Romsdal.



Figur 10. *Muleneset, sørsida. Her veks mellom anna havburkne (NT).*

1515223 Nerlandsøya: Muleneset - Gollaneset

Nummer i Naturbase:	BN00010893
Hovudnaturtype:	Rasmark, berg og kantkratt
Naturtype:	B04 Nordvendte kystberg og blokkmark
Utforming:	B0402 Sørleg, oseanisk utforming
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	13.06.2010, DH & PL
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skriven av Dag Holtan 07.02.2012, basert på eige feltarbeid 13.06.2010 saman med Perry Larsen, og litteraturkjelder (Jordal & Grimstad 2001).

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg langs nordsida av Nerlandsøya, frå Gollaneset i aust til Muleneset i vest. Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, og skulle vere næringsfattig. Området ligg i sterkt oseanisk vegetasjonssone, vintermild underseksjon (O3t) og boreonemoral vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast til B04 nordvendte berg og blokkmark, med B0402 sørleg, oseanisk utforming. Den nordvendte delen av denne lokaliteten er sterkt vindpåverka med sjøsprøyt- og saltpåverka grasbakkar, som er ei blanding av frisk fattigeng, øvre salteng, strandberg og fuglegjødsla vegetasjon (overgangar mellom G1-U5-X1-X2). Desse grasmarkene har eit kulturpreg på grunn av beiting, men dei har og eit tydeleg strandengpreg langt oppover på grunn av sjøsprøyten. Ei utforming av strandeng med mykje fjørekoll utgjer rundt 50 % av dei nordvendte bakkane, storfrytleutforming av fuktig fattigeng (G1d, ca. 40 %). Bergskrentar med rikt planteliv utgjorde rundt ein betydeleg del av arealet (F2b/X1/X2).

Artsmangfald: På bergskrentar i den vestre delen voks havbendel høgt over havet, noko som må vera relativt uvanleg. Som vanleg for nordberg ved kysten er det eit sterkt innslag av både fjellplanter, strandplanter og rikmyrplanter, t.d. gulsildre, raudsildre, fjelltistel, enghumleblom, fjellsmelle, fjellsyre, fjørekoll, gåsemure, havbendel, jåblom, loppestorr, rosenrot, stjernesildre, strandkjeks, strandkjempe og strandsmelle. Her vaks også raudlistearten kvitkurle (NT). Området har dels ein viktig funksjon som viltlokalitet (i vest), og 20.05.2010 vart delar av området verna som sjøfuglkoloni.

Bruk, tilstand og påverknad: Det vore litt beita i området tidlegare, med lågare beitetrykk i dei seinare åra, og lokaliteten pregast av å vere upåverka av alle typar inngrep.

Framande artar: Ingen påvist.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Ei viss beiting kan vere ein føremon dersom det er ønskeleg å oppretthalde grasbakkar.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein svært viktig del av dei nordvendte kystberga i Møre og Romsdal.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi det er eit variert kystområde med artsrike nordvendte berg og særtrekk som ein finn på svært små areal i Møre og Romsdal.

1515224 Nerlandsøya: Myraneset

Nummer i Naturbase:	BN00010865
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	D04 Naturbeitemark
Utforming:	D0404 Frisk fattigeng
Verdi:	A (svært viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	12.06.2010, DH & PL
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skriven av Dag Holtan 09.02.2012, basert på eige feltarbeid 12.06.2010 saman med Perry Larsen, og litteraturkjelder (Jordal & Grimstad 2001, Jordal & Gaarder 1997).

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Dette er eit mindre utmarksområde like sør for busetnaden på Nerland, men det heng saman med store beita rasmarker lenger vest- og sørover. Området ned mot sjøen er relativt flatt, medan det er brattare inn mot fjellet. Området er grunnlendt, for det meste grasdominert, men med ein del myrlendte parti og litt lyngområde. Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, og skulle vere næringsfattig. Området ligg i sterkt oseanisk vegetasjonssone, vintermild underseksjon (O3t) og boreonemoral vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast til D04 naturbeitemark, med utforminga D0404 frisk fattigeng. I tillegg til frisk fattigeng (G4) finst andre vegetasjonstypar som storfrytlemark og litt lynghei (G1d, H1-H3).

Artsmangfald: Det er i alt funne 52 planteartar, av desse 11 naturengartar. Det er òg funne 23 artar beitemarkssoppar. Blant desse er den sjeldne trolljordtunge (NT), som er knytt til fuktige

beitemarker. Andre raudlista sopper er funne grå narremusserong (EN), raudskivevokssopp (NT) og svartdogga vokssopp (NT).

Bruk, tilstand og påverknad: Området beitast framleis av sauer, og det vart sleppte på beite under synfaringa i 2010.

Framande artar: Ingen påvist.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Myraneset saman med Mulevika og Andbøvika framstår som eit område med svært høg biologisk verdi. Samanlikna med Mulevika er Myraneset likevel meir mosaikkprega og noko lågare artsmangfald. Beitetrykket bør haldast oppe i området.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein svært viktig del av det beita kulturlandskapet i Herøy.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi A (svært viktig) fordi den har velutvikla, store naturbeitemarker med fleire raudlisteartar, mellom dei ein sterkt truga (EN) art.



Figur 11. Beitande sauer ved Myraneset.

1515225 Nerlandsøya: Skorpesundet

Nummer i Naturbase:	BN00010866
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	D07 Kystlynghei
Utforming:	D0701 Tørr lynghei, D0703 Fukthei, D0706 Purpurlynghei
Verdi:	A (svært viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	15.01.2009, DH, GGa, PL
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skriven av Dag Holtan 10.02.2012, basert på eige feltarbeid 15.01.2009 saman med Geir Gaarder og Perry Larsen, dessutan litteraturkjelder (Jordal & Grimstad 2001).

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten omfattar strekninga frå Koparstad via Skageneset nordover til Terneneset i Skorpesundet. Lokaliteten er, som vanleg på kysten, svært mosaikkprega. Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, og skulle vere næringsfattig. Området ligg i sterkt oseanisk vegetasjonssone, vintermild underseksjon (O3t) og boreonemoral vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast i hovudsak til D07 kystlynghei, med hovudutformingane D0701 tørr lynghei, D0703 fukthei og D0706 purpurlynghei. Nærmast Koparstad finst fuktige beitemarker og strandsump (G12, U9). Ulike kalkfattige engsamfunn med gulaks, engkvein eller finnskjøgg finst fleire stader, midt i Skorpesundet er det beitemarker med einer, og i nærleiken små ospeholt. Vegetasjonstypane G1c og G4a (finnskjøggeng, frisk fattigeng) utgjer rundt 20 %. Tørre og fuktige heiar (H1a/H1b) dominerer med anslagsvis 65 % av arealet. Ulike utformingar av tarevollar (V2, V3) utgjer noko areal i strandsonen. Elles finst berg og rasmark (F1, F2, F3).

Artsmangfald: Havburkne (NT) og blankburkne veks i ei hule på Skageneset. Denne hola har metertjukke lag med geiteskit frå tidlegare, og inneheld ein av dei rikaste førekomstane av havburkne i Møre og Romsdal. I Skorpesundet veks det fleire stader kristtorn, og her er det også funne kvitkurle (NT). Elles kan nemnast sanikkel, knollerteknapp, krossved, kusymre, lundgrønaks (dominant i eit lite hasselkratt), nattfiol, nyresoleie, purpurlyng (NT) og ramslauk. I fuktige beite og strandsumpar nærmast Koparstad veks tiggarsoleie og dikesvineblom. I 2009 vart også olivenfiltlav (NT) funnen. Av mosar kan nemnast kveilmose og kystband. Lokaliteten har samstundes ein viktig funksjon som viltområde, m.a. med oter (VU) og ein del hekkande sjøfuglar.

Bruk, tilstand og påverknad: Dette er eit gammalt utmarksbeite der det har vore sau og dels utegangar i lange tider. I dag ser ein knapt dyr.

Framande artar: Ingen påvist.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsetast for fysiske inngrep. Samstundes bør beitinga takast opp att, og her bør ryddast for kratt osv.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein svært viktig del av kulturlandskapet i Herøy, og må sjåast i samanheng med Mulevika mot nord.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi A (svært viktig) fordi den utgjer eit variert og særprega område med m.a. purpurlyng, kristtorn, og raudlisteartane olivenfiltlav, havburkne og kvitkurle.



Figur 12. Skorpesundet, med Skorpa i bakgrunnen.

1515226 Remøya: Terneneset

Nummer i Naturbase:	BN00010880
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	D07 Kystlynghei
Utforming:	D0701 Tørr lynghei (35 %), D0703 Fukthei (30 %), D0706 Purpurlynghei
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugs mål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	29.07.2010, DH & PL
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skriven av Dag Holtan 13.02.2012, basert på eige feltarbeid 29.07.2010 saman med Perry Larsen, og litteraturkjelder (Jordal & Grimstad 2001).

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg heilt mot nordvest på Remøya. Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, og skulle vere næringsfattig. Området ligg i sterkt oseanisk vegetasjonssone, vintermild underseksjon (O3t) og boreonemoral vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast i hovudsak til D07 kystlynghei, med utformingane D0701 tørr lynghei, D0703 fukthei og D0706 purpurlynghei. Røsslyngutføring av tørr lynghei (H1a) utgjer ca. 30 %, røsslyng-slåttestorr-torvull-utforming (H1c) utgjer ca. 30 %, rikare utforming av tørr gras-urterik hei i mosaikk med engsamfunn (H2b, G4- G11) utgjer rundt 35 %. I det nordvendte kystberget som er av den tørre utforminga, veks strandplanter som strandkjeks, strandkjempe, strandstjerne og fjørekoll høgt oppe i berget, saman med fjellplanter som fjellsmelle, raudsildre og gulsildre (F2/X1).

Artsmangfald: Det er i alt funne 117 planteartar i området (naturbeitemark, kystlynghei, strandberg, og nordvendte berg høgre oppe). Av desse var det 18 naturengplanter. Meir interessante artar var dvergsmyle, kranskonvall, kystmaure, nyresoleie, purpurlyng (NT), rundskolm, vivendel og vårkål. I nordvendte berg og skrentar fanst m.a. blankburkne, fjelltistel, gulsildre, kvitsoleie, loppestorr, ramslauk, raudsildre og rosenrot. Det vart vidare funne 12 artar av beitemarkssoppar (24

artspong). Mellom desse var dei raudlista fingersoppene røykkøllesopp (VU) og grå småfingersopp (NT). Andre interessante artar var raudskivevokssopp (NT) og skarlagenvokssopp. Her er også del av leveområde for oter (VU).

Bruk, tilstand og påverknad: Tidlegare har her vore mykje beita, men denne bruken er det slutt på i dag.

Framande artar: Ingen påvist.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Om det er ønskeleg å ta vare på lokaliteten som kystlynghei/beitemark, må beitinga takast opp att, og også krattrydding/lyngsviing bør vurderast.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein viktig del av dei meir eller mindre intakte lyngheiene i Herøy, og må sjåast i samanheng med områda nord på Remøya.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi her er viktige utformingar av kystlynghei med naturbeitemark og nordvendte kystberg, i tillegg til førekomst av raudlista beitemarkssoppar. Elles er lokaliteten svært artsrik og samstundes eit viktig viltområde.

1515227 Remøya: Remøykammen

Nummer i Naturbase:	BN00010884
Hovudnaturtype:	Rasmark, berg og kantkratt, Kulturlandskap
Naturtype:	B04 Nordvendt kystberg og blokkmark, D07 Kystlynghei
Utforming:	B0402 Sørleg, oseanisk utforming, D0703 Fukthei
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	29.07.2010, DH & PL
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skriven av Dag Holtan 13.02.2012, basert på eige feltarbeid 29.07.2010 saman med Perry Larsen, og litteraturkjelder (Jordal & Grimstad 2001).

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på nordsida heilt aust på Remøya. Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, og skulle vere næringsfattig. Området ligg i sterkt oseanisk vegetasjonssone, vintermild underseksjon (O3t) og boreonemoral vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast dels til B04 nordvendt kystberg og blokkmark, dels til D07 kystlynghei, med undertypane B0402 sørleg, oseanisk utforming og D0703 fukthei. Bergveggane er noko mindre velutvikla enn elles i Herøy (jf. Gaarder m. fl. 2001). I området rundt finst kystlynghei med beitepreg, m.a. storfrytlemark i mosaikk med magre, grasdominerte parti med ein del torvmose (F2c, H1-H3, G1d).

Artsmangfald: Av planter er det grunn til å nemne hinnebregne, blankburkne, gulsildre og strandkjempe som vaks i og under berget. Andre artar var vivendel, fagerperikum og osp. I 2010 vert det også observert fjelltistel, storfrytle, sumphaukeskjegg og vivendel. Av mange mosar registrerte i 2010 kan særleg nemnast meietvebladmose, som er ein sjeldan art (jf. <http://artsobservasjoner.no/vekster/default.asp>). Området har elles potensial for beitemarkssoppar. Her er også del av leveområde for oter (VU).

Bruk, tilstand og påverknad: Tidlegare har her vore mykje beita, men denne bruken er det slutt på i dag.

Framande artar: Ingen påvist.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Om det er ønskeleg å ta vare på lokaliteten som kystlynghei, må beitinga takast opp att, men dei nordvendte kystberga skjøttar for så vidt seg sjølve.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein interessant del av nordvendte kystberg/kystlynghei i Herøy, og må sjåast i samanheng med områda lenger vest på Remøya.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi her er ei utforming av naturtypen nordvende kystberg som er noko under middels velutvikla, men med hinnebregne og ein del interessante mosar til stades.



Figur 13. Aust på nordsida av Remøykammen, med Rundebrua i bakgrunnen.

1515228 Remøya: Vest for Storevatnet

Nummer i Naturbase:	BN00010881
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	D07 Kystlynghei
Utforming:	D0701 Tørr lynghei, D0706 Purpurlynghei
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	29.07.2010, DH & PL
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skriven av Dag Holtan 13.02.2012, basert på eige feltarbeid 29.07.2010 saman med Perry Larsen, og litteraturkjelder (Jordal & Grimstad 2001).

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg vest for Storevatnet og nord for Vikane på Remøy. Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, og skulle vere næringsfattig. Området ligg i sterkt oseanisk vegetasjonssone, vintermild underseksjon (O3t) og boreonemoral vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast i hovudsak til D07 kystlynghei, med utformingane D0701 tørr lynghei og D0706 purpurlynghei. Vegetasjonstypar kan etter Fremstad (1997) førast til H1a røsslyngutforming og H1b purpurlyngutforming, dels også H2 (tørr gras-/urterik hei med H2a og H2c).

Artsmangfald: Av karplanter er gode bestandar av purpurlyng (NT) mest interessant. Elles er typiske artar slike som heiblåfjør, heifrytle, heisiv, heistorr og tiriltunge. I bergveggane er her oppslag av hassel og osp

Bruk, tilstand og påverknad: Tidlegare har her vore mykje beita, men denne bruken er det slutt på i dag.

Framande artar: Ingen påvist, men ved stranda rett vest for lokaliteten veks rynkerose.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Om det er ønskeleg å ta vare på lokaliteten som kystlynghei/beitemark, må beitinga takast opp att, og også krattrydding/lyngsviing bør vurderast.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein interessant del av kystlyngheiane i Herøy, og må sjåast i samheng med områda lenger nord og aust på Remøya.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi her framleis er gode bestandar av purpurlynghei.

1515229 Runde: Goksøybeita

Nummer i Naturbase:	BN00010858
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	D04 Naturbeitemark
Utforming:	D0404 Frisk fattigeng
Verdi:	A (svært viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	08.10.2009, DH & PL
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skriven av Dag Holtan 14.02.2012, basert på eige feltarbeid 08.10.2009 saman med Perry Larsen, og litteraturkjelder (Jordal & Gaarder 1997, Jordal & Grimstad 2001, og i desse er det vist til mange andre kjelder).

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg ved Goksøy på nordsida av Runde. Berggrunnen består av mylonittisk gneis, og skulle vere næringsfattig. Området ligg i sterkt oseaenisk vegetasjonssone, vintermild underseksjon (O3t) og boreonemoral vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast til D04 naturbeitemark, utforminga D0404 frisk fattigeng. Det er gjort grundige undersøkingar av beitepåverka vegetasjon av Pareliussen (1997) både på Goksøy (Samhaugen, Fossabakken), Runde og Måganes, der ein søker å finna ut av endringane sidan Goksøy (1938) gjorde sine undersøkingar i 1928-29 (G1/G4, H1-H3).

Artsmangfald: Dei fleste funna av naturengplanter og beitemarkssopp gjort i tuver, bratte grasskråningar eller på beita grasflekker inne på fjellet på stader der gjødselpåverknaden må ha vore liten. I Pareliussen har funne 63 planteartar i sine ruter i Goksøy-området, av desse er det 15 naturengplanter. Etter to besøk var det kjent 20 artar av beitemarkssopp (33 artspoeng). Jordal & Gaarder (1997) fann skjeljordtunge og sleip jordtunge langs vegen sør for busetnaden, dessutan 9 vokssopparter, mellom dei gul slimvokssopp (VU) og raudskivevokssopp (NT). Det må også nemnast at H. Goksøy i 1928 fann kvitkurle (NT) ved Goksøy. I nordre del av den avgrensa lokaliteten er det dessutan funne gullprikklav (VU). I 2009 vart det i tillegg funne fiolett greinkøllesopp (VU), grå narremusserong (EN), lutvokssopp (NT), musserongvokssopp (NT) og raud honningvokssopp (VU).

Bruk, tilstand og påverknad: Området har vore beita av sau i lang tid og noko gjødsla. På Goksøy var det 14-15 bruk med sau rundt 1960, no er talet nede i 4 (kjelde: Grethe Johnsen). Mykje av arealet ovafor gardene er overflatelydda. Det er gjort ei større undersøking av floraen på Runde i 1928 av Goksøy (1938), og Ingar Pareliussen ved Universitetet i Trondheim har utført ei undersøking som særleg tek for seg endringar i grasmarkene sidan 1928 (Pareliussen 1997). Den vanlegaste endringa er at ugjødsla beitemark har gått over til meir gjødsla beite. Andre område har gått frå ugjødsla beite til kysthei. Nokre område som i 1928 var overbeita, er i dag meir artsrik beitemark. Minke i beitetrykket og gjødsling med kunstgjødsel blir oppgjeve som viktige årsaker til dei observerte endringane. Dei fleste undersøkte områda hadde ein auke i nitrogenelskande planter, ugras og attgroingsartar i forhold til Goksøy sine undersøkingar. På Runde har det ikkje vore tradisjon med lyngbrenning, og dette er truleg fordi beitetrykket har vore så stort at lyngen ikkje

har fått utvikla seg. I dag har deler av fjellområda lyng som er så gammal og grov at den gjev dårleg beite (Pareliusson 1997).

Framande artar: Ingen påvist.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep som jordarbeiding. Pareliusson (1997) konkluderer med at naturbeitemarkene har nasjonal og europeisk interesse, og at den einaste måten å verna dei på er ved ein vedvarande tradisjonell bruk. Det er sterkt ønskjeleg at beitebruken held fram. Når det gjeld gjødsling, bør denne heller minskast enn å aukast.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein svært viktig del av det gamle kulturlandskapet i Herøy.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi A (svært viktig) fordi det er funne fleire raudlisteartar tilknytt naturbeitemark, dessutan ein raudlista lav tilknytt berg i fuktig lokalklima i nordlege del av lokaliteten.



Figur 14. Frå Goksøyrebeita.

1515230 Runde: Goksøyrvika

Nummer i Naturbase:	BN00010849
Hovudnaturtype:	Kyst og havstrand
Naturtype:	G05 Strandeng og strandsump
Utforming:	G05 Stort strandengkompleks
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	08.10.2009, DH & PL
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skriven av Dag Holtan 14.02.2012, basert på eige feltarbeid 08.10.2009 saman med Perry Larsen, og litteraturkjelder (Holten mfl. 1986, Jordal & Grimstad 2001).

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg ved Goksøyr på nordsida av Runde. Berggrunnen består av mylonittisk gneis, og skulle vere næringsfattig. Området ligg i sterkt oseanisk vegetasjonssone, vintermild underseksjon (O3t) og boreonemoral vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast til G05 strandeng og strandsump, utforminga G05 stort strandengkompleks. Rullesteinstranda har relativt stor breidde, varierende frå 50 til 100 m. Langs stranda finst ei rekkje framstikkande bergryggar, særleg nedafor Goksøyr. Lokaliteten har mykje tang-/tarevollsamfunn, og under haust- og vinterstormane vert det avsett tjukke lag av stortare (*Laminaria hyperborea*) på dei indre delane av rullesteinstranda. Nedbrytingsprodukta av stortaren i seint stadium kan sjåast som ein rosafarga graut i forseinkingar med stagnerande tilhøve. Eit lite område med sandstrand iblanda skjelsand finst nedanfor Goksøyr. Lokaliteten er dominert av tang- og tarevollsamfunn (U4-U5, V1-V6, m.a. V5c). Holten (1986) fører opp saltsiveng, raudsvingel-tiriltunge-fjørekkelleng, strandkryp-forstrand, fjøresivakseng, taresaltgras-strandkjempe-grusstrand, tangmeldevoll, kvekevoll, strandrøyrvoll, lågurt-fleirårsvoll, høgurt-fleirårsvoll med mjødukt som dominant, tiggarsoleie-vassarvevoll, strandarve-fordyne, lys strandrugdyne nedafor Goksøyr, og østersurt-steinstrand (berre heilt i vest). To av samfunna er sjeldne og til dels truga (østersurt-steinstrand og tiggarsoleie-vassarve-voll).

Artsmangfald: Middels artsrikt, området har 62 planteartar. Sjeldne artar: bogestorr (*Carex maritima*), østersurt (*Mertensia maritima*) og tiggarsoleie (*Ranunculus sceleratus*), den siste i eit stort bestand nedanfor Goksøyr.

Bruk, tilstand og påverknad: Ved Goksøyr er det fleire stader deponert stein nedanfor dyrkamarka. Her er òg båtstøer og naust. Graden av påverknad er relativt liten.

Framande artar: Ingen påvist.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein viktig del av strandengmiljøa i Herøy.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi den er ein velutvikla havstrandlokalitet med middels stort artsutval.

1515231 Runde: Hellestien - Kløfjellet

Nummer i Naturbase:	BN00010854
Hovudnaturtype:	Rasmark, berg og kantkratt
Naturtype:	B04 Nordvendte kystberg og blokkmark
Utforming:	B0401 Lavrik utforming
Verdi:	A (svært viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	08.10.2009, DH & PL
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skriven av Dag Holtan 14.02.2012, basert på eige feltarbeid 08.10.2009 saman med Perry Larsen, og litteraturkjelder (Jordal & Grimstad 2001).

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg rett søraust for Goksøyr på Runde. Berggrunnen består av mylonittisk gneis, og skulle vere næringsfattig. Området ligg i sterkt oseanisk vegetasjonssone, vintermild underseksjon (O3t) og boreonemoral vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast til B04 nordvendte kystberg og blokkmark, med B0401 lavrik utforming. Bergveggane er råmerike og frodige, og vegetasjonen er truleg noko som ikkje er tydeleg omtalt i Fremstad (1997), men ligg nært opptil F2c. Desse utgjer rundt 80 % av arealet og storfrytleutforming av fuktig fattigeng med ein del bregnar (G1d) ca. 20 %.

Artsmangfald: Dette er ein av dei klassiske lokalitetane for hinnebregne i fylket, og den har framleis store bestandar. På denne lokaliteten er det elles funne kystblåfiltlav (VU). Av lav på berg

elles er det funne vanleg blåfjelllav, flihsinnelav, lungenever, skrubbenever, grynvreng og skålfjelllav. Lokaliteten er hekkeplass for havhest, og er verna som fredingsområde for sjøfugl.

Bruk, tilstand og påverknad: Bortsett frå vegen til Goksøy er kulturpåverknaden liten. I eit så mykje nytta turistområde kan det tenkjast eit visst press frå folk som samlar sjeldne artar av lav og planter, men ein har ikkje oversikt over om dette er noko problem.

Framande artar: Ingen påvist.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Her gjeld elles forskriftene for fredingsområdet.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein av dei viktigaste og best utforma lokalitetane for denne naturtypen på Sunnmøre.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi A (svært viktig) fordi den er ein velutvikla, med førekomst av raudlistearten kystblåfjelllav i tillegg til generelt stor artsrikdom.

1515232 Runde: Mågeneset

Nummer i Naturbase:	BN00010853
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	D04 Naturbeitemark (70 %), D07 Kystlynghei (30 %)
Utforming:	D0404 Frisk fattigeng
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugssmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	08.06.2009, DH
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skriven av Dag Holtan 13.02.2012, basert på eige feltarbeid 08.06.2009 og litteraturkjelder (Jordal & Grimstad 2001, Jordal & Gaarder 1997).

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg eit par km vest for brua til Runde. Berggrunnen består av mylonittisk gneis, og skulle vere næringsfattig. Området ligg i sterkt oseanisk vegetasjonssone, vintermild underseksjon (O3t) og boreonemoral vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast i hovudsak til D04 naturbeitemark, utforminga D0404 frisk fattigeng, men har også innslag av sørvendt berg og blokkmark og ulike typar lyngheier, inkl. purpurlynghei. Vegetasjonstypar kan etter Fremstad (1997) førast til G1a, G1c og G1d for grasmarkane sin del, med røsslyngdominert vegetasjon H1-H3 og purpurlynghei H1b spreidd.

Artsmangfald: Jordal & Gaarder (1997) 68 planteartar, av desse 18 naturengplanter og 2 seterplanter. Forutan dei artane som er nemnt ovafor finst dikesvineblom, fjellsmelle, heiblåfjør, storblåfjør (I. Pareliussen), hårsvæve, kusymre og rosenrot. Purpurlyng er raudlista (NT). I 2009 vart det også funne litt kravfulle artar som blåstorr, marinøkkel og rundbelg, medan ein god bestand av havburkne (NT) vart funne i 2003. Det vart berre funne 5 artar av beitemarkssoppar (Jordal & Gaarder 1997), ein av desse var raudskivevokssopp (NT), men tilhøva var ikkje dei beste for å finna sopp, så truleg finst her fleire interessante slike.

Bruk, tilstand og påverknad: Området er beita av sauer.

Framande artar: Ingen påvist.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Skal verdien som kulturlandskap er oppretthalding av beite heilt naudsynt.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein viktig del av naturbeita/lyngheiene i Herøy, og må sjåast i samanheng med heile vestsida på Runde.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi her er velutvikla og artsrike naturbeitemarker med førekomst av fleire raudlista artar.



Figur 14. Frå Mågeneset, med Nerlandsøya i bakgrunnen.

1515233 Runde: Runde vestside

Nummer i Naturbase:	BN00010852
Hovudnaturtype:	Rasmark, berg og kantkratt
Naturtype:	B01 Sørvendt berg og rasmark, D04 Naturbeitemark
Utforming:	B0101 Kalkrik og/eller sørvendt bergvegg
Verdi:	A (svært viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	08.06.2009, DH; 08.10.2009, DH & PL
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skriven av Dag Holtan 13.02.2012, basert på eige feltarbeid 08.06 og 08.10.2009, siste besøket saman med Perry Larsen, og litteraturkjelder (Jordal & Grimstad 2001), dessutan munnlege innspel frå Alv Ottar Folkestad.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på vestsida av Runde, og er avgrensa frå Mågeneset til lundeura. Berggrunnen består av mylonittisk gneis, og skulle vere næringsfattig. Området ligg i sterkt oseanisk vegetasjonssone, vintermild underseksjon (O3t) og boreonemoral vegetasjonssesksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast i hovudsak til B01 sørvendt berg og rasmark, med utforminga B0101 kalkrik og/eller sørvendt bergvegg, men har også mykje av D04 naturbeitemark i delområdet nærmast lundeura (ikkje delt inn i utformingar). Vegetasjonstypar er ikkje nærmare undersøkte, då her er svært vanskeleg tilgjengeleg, dels også med ferdsleforbod i vekstsesongen (derfor er mykje av området studert med kikkert).

Artsmangfald: Mest kjent frå tidlegare er gode bestandar av havburkne (NT), som veks fleire stader i bergsprekker. I 2009 vart det observert andre interessante artar som filtkongslys, hagtorn og

purpurlyng (NT). Dei to førstnemnde er begge sjeldne ute på kysten. Det vart også funne raudskivevokssopp (NT) i beite søraust for lundeura.

Bruk, tilstand og påverknad: Her har vore beita i lang tid med sauer, og dei held seg gjerne nær lundeura, der det er råd å beite heilt ned til sjøen.

Framande artar: Ingen påvist.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Her gjeld elles føreskriftene for verneområdet.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein svært viktig del av ein arealmessig sjeldan naturtype på kysten i Møre og Romsdal.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi A (svært viktig) fordi den er stor, velutvikla, intakt og artsrik, med fleire raudlisteartar og stort potensial for fleire slike.



Figur 15. *Dei store grasbakkane i bakgrunnen er aust for Lundeura, og har langvarig kontinuitet i beite.*

1515234 Gurskøya: Tuftevatnet

Nummer i Naturbase:	(ny lokalitet)
Hovudnaturtype:	Ferskvatn/våtmark
Naturtype:	E08 Rik kulturlandskapsjø
Utforming:	E0802 Kalkfattig utforming
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	05.08.2011, DH
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skriven av Dag Holtan 15.02.2012, basert på eige feltarbeid 05.08.2010, og lokaliteten er ikkje undersøkt tidlegare

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg mellom Aurvågen og Tjørnvågen på nordaustsida av Gurskøya, og er omkransa av attgroande kystlynghei, dessutan gammal innmark i vest. Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, og skulle vere næringsfattig. Området ligg i sterkt oseanisk vegetasjonssone, vintermild underseksjon (O3t) og boreonemoral vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast til E08 rik kulturlandskapssjø, E0802 kalkfattig utforming. Vegetasjonstypar kan etter Fremstad (1997) førast til O3 elvesnelle-storrump, P1 langskotvegetasjon med utforminga P1a tusenblad-tjønnaksutforming, P2 flytebladvegetasjon med P2a nøkkeroseutforming og P2b vanleg tjønnaksutforming, dels også P4 kortskotvegetasjon i vatn.

Artsmangfald: Av karplanter kan nemnast botnegras, bukkeblad, elvesnelle, flaskestorr, fløtgras, grøftesoleie, hesterumpe, kysttjønnaks, mannasøtgras, myrmaure, myrtistel, tusenblad og vanleg tjønnaks. Elles vart det observert småfallen ørret, stingsild og ål (CR). Vatnet har i tillegg viltfunksjon, og er særleg viktig for ei rad andefuglar.

Bruk, tilstand og påverknad: Det har truleg vore beita litt i lyngheiene rundt vatnet tidlegare, elles er det trulig ikkje nokon bruk i sjølve vatnet.

Framande artar: Ingen påvist.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein liten men viktig del av våtmarkene på ytre delar av Sunnmøre, kor rike kulturlandskapssjøar generelt er sjeldne.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi den er intakt, middels artsrik og representativ for denne naturtypen på Sunnmøre.



Figur 16. Tuftevatnet sett rå aust mot vest.

5 Raudlista

Eit sentralt verktøy for å identifisere og klassifisere viktige område for biologisk mangfald er førekomst av raudlisteartar. Den norske raudlista vert oppdatert med jamne mellomrom av Artsdatabanken. Den siste kom i 2010 (Kålås mfl. 2010) og er basert på kjent kunnskap om ca. 35 000 artar innanfor ulike artsgrupper. 21,8 % av disse artane er ført opp på raudlista (4599 artar). Artsdata om vekstane i tabell 6 er henta frå kartet til Artsdatabanken (<http://artskart.artsdatabanken.no/>) 13.02.2012.

Raudlistekategoriar: NT= nær trua, VU= sårbar, EN= sterkt trua, CR= kritisk trua og DD= dårlig datagrunnlag. For ein grundigare gjennomgang av raudlista og kategoriar visast det til Kålås mfl. (2010).

Tabell 6. Utskrift over raudlista vekstar frå Herøy. RL tyder raudlistekategori.

Namn	RL	År	Samlar	Lokalitet
Solblom	VU	1964	R. Tambs Lyche	raudskar
Solblom	VU	1955	Petter Aurvåg	herøy. myrvåg.
Solblom	VU	0	Goksøy, Harald	gurskøy i møre: tjervåg
Solblom	VU	0	Goksøy, Harald	gurskøy i møre, leikong
Solblom	VU	0	Goksøy, Harald	gurskøy i møre, moltu
Havburkne	NT	2005	Geir Gaarder, Karl Johan Grimstad	mulen i bergskorte i eksponert kystfjell
Havburkne	NT	2003	Holtan, Dag	herøy kommune: nerlandsøy: mulevika.
Havburkne	NT	2003	Holtan, Dag	herøy kommune: runde: storevika berg.
Havburkne	NT	2001	Kåre Myrene	nerlandsøya, skageneset.
Havburkne	NT	0	Goksøy, Harald	møre: rundøy: oteskridene
Skoddemose	DD	0	Jørgensen, E.	i en kløft under rødalshornet
Kort trollskjegg	NT	2006	Gaarder, G., Grimstad, K. J., Jordal, J. B. m.fl.	gurskøya, hidsneset 4
Gulbrun narrevokssopp	NT	0	Gaarder, Geir; Jordal, John Bjarne (95-272)	herøy: nerlandsøy: mulevika naturbeitemark
Gulbrun narrevokssopp	NT	0	Jordal, John Bjarne; Gaarder, Geir	gurskøya, vest for tarberg
Kildegras	NT	1964	R. Tambs Lyche	runde
Røykkøllesopp	VU	0	Grimstad, Karl Johan; Jordal, John Bjarne	herøy: remøy: terneneset naturbeitemark
Fiolett greinkøllesopp	VU	2009	Dag Holtan, Perry G. Larsen	runde gogsøy
Fiolett greinkøllesopp	VU	0	Jordal, John Bjarne; Gaarder, Geir	tarberg, v for. einerrike naturbeitemarker
Fiolett greinkøllesopp	VU	0	Gaarder, Geir; Jordal, John Bjarne	herøy: gurskøya: v for tarberg naturbeitemark
Sandskjegg	VU	0	Kjetil Bevanger	n-siden av runde
Kystblåfylltav	VU	2011	Oddvar Olsen	herøya
Kystblåfylltav	VU	2011	Oddvar Olsen	mellom teigeneset og verpingsneset
Kystblåfylltav	VU	2001	Gaarder, Geir; Grimstad, K.J. ; Holtan, D.	nerlandsøy, ne-facing slope of nerlandshornet
Kystblåfylltav	VU	1993	Gaarder, Geir	runde, goksøyrvika
Kystblåfylltav	VU	0	Yngvar Gauslaa	runde, along the road n of blåfjell
<i>Dermoloma josserandi</i>	EN	0	Gulden, Gro (82/04)	mulevika kystbeite
Vanlig raggtelg	DD	0	Kjetil Bevanger	n-siden av runde
Kystraggtelg	DD	1971	Kjell Ivar Flatberg	runde. furuplantning ved uleberget
<i>Entoloma atrocoeruleum</i>	NT	0	Noordeloos, Machiel Evert; Jordal, John Bjarne	herøy: mulevika i naturbeitemark
<i>Entoloma atrocoeruleum</i>	NT	0	Gaarder, Geir; Jordal, John Bjarne	herøy: nerlandsøy: mulevika naturbeitemark
Praktrødkivesopp	VU	0	Gaarder, Geir; Jordal, John Bjarne	mulevika beitet kystgrashei

Praktrøds-kivesopp	VU	0	Gaarder, Geir; Jordal, John Bjarne (95-277)	herøy: nerlandsøy: mulevika naturbeitemark
Svartblå røds-kivesopp	NT	0	Gaarder, Geir	mulevika kystbeite
<i>Entoloma coeruleoflocculosum</i>	VU	0	Jordal, John Bjarne	herøy: mulevika, vollefjæra beita skjellsandeng
<i>Entoloma coeruleoflocculosum</i>	VU	0	Gaarder, Geir; Jordal, John Bjarne	herøy: nerlandsøy: mulevika naturbeitemark
Ravnerøds-kivesopp	NT	0	Jordal, John Bjarne	herøy: mulevika i naturbeitemark
<i>Entoloma dichroum</i>	VU	0	Jordal, John Bjarne; Gaarder, Geir	herøy: mulevika beitemark
<i>Entoloma dichroum</i>	VU	0	Gaarder, Geir; Jordal, John Bjarne (94-564)	herøy: mulevika på nerlandsøya kystgrashei
Indigorøds-kivesopp	NT	0	Holtan, Dag; Grimstad, Karl J.	dragsundet, på morken hasselstubbe
<i>Entoloma fuscomarginatum</i>	NT	0	Gaarder, Geir; Jordal, John Bjarne (94-569)	herøy: nerlandsøy: mulevika naturbeitemark
<i>Entoloma fuscomarginatum</i>	NT	0	Gaarder, Geir; Jordal, John Bjarne	herøy: gurskøya: v for tarberg naturbeitemark
Lillagrå røds-kivesopp	VU	0	Gaarder, Geir	mulevika kystbeite
<i>Entoloma huijsmanii</i>	VU	0	Jordal, John Bjarne	herøy: mulevika, vollefjæra beita skjellsandeng
Semsket røds-kivesopp	NT	0	Gaarder, Geir; Jordal, John Bjarne (94-571)	herøy: myraneset naturbeitemark
Semsket røds-kivesopp	NT	0	Gaarder, Geir; Jordal, John Bjarne (94-570)	herøy: skorpa naturbeitemark
<i>Entoloma kervernii</i>	VU	0	Gulden, Gro; Noordeloos, Machiel Evert; Jordal, John Bjarne	herøy: mulevika ved vollefjæra i naturbeitemark
Melrøds-kivesopp	VU	0	Gaarder, Geir; Jordal, John Bjarne (94-585)	herøy: nerlandsøy: mulevika naturbeitemark
Rombesporet røds-kivesopp	VU	0	Gaarder, Geir; Jordal, John Bjarne	herøy: nerlandsøy: mulevika naturbeitemark
<i>Entoloma undulatosporum</i>	VU	0	Jordal, John Bjarne (96-219)	herøy: mulevika på nerlandsøya
Purpurlyng	NT	2010	Perry G. Larsen	remøy sævik / vikane
Purpurlyng	NT	0	Gaarder, G.	nerlandsøy: mulevika i kystlynghei, eksp: v
Purpurlyng	NT	1983	Ingvald Røsberg	herøy: leinøya: heglakinna.
Purpurlyng	NT	0	Milthaler, H.	herøy: runde
Purpurlyng	NT	1971	K.I. Flatberg	runde heivegetasjon i ura n for rundegardene
Purpurlyng	NT	0	Bevanger, Kjetil	n-siden av runde
Purpurlyng	NT	0	Kjetil Bevanger	n-siden av runde
Purpurlyng	NT	0	"Nordhagen, Monna; Nordhagen, Rolf"	remøy: utmark utenfor den ytterste sævikgård.
Purpurlyng	NT	0	"Nordhagen, Monna; Nordhagen, Rolf"	herøy: gurskøy: mellom moltustranda og breivik,.
Purpurlyng	NT	0	Bang, Olaf	gurskøy
Purpurlyng	NT	0	Rui, Halfdan	herøy: rundøy, opp for havnen - rundø
Purpurlyng	NT	1964	R. Tambs Lyche	hareid; runde
Purpurlyng	NT	0	Tambs Lyche, R.	"hareid; runde"
Purpurlyng	NT	0	Goksøyr, Harald	gurskøy i møre: sandvik i herøy
Purpurlyng	NT	0	Goksøyr, Harald	gurskøy i møre: hisnes
Purpurlyng	NT	0	Goksøyr, Harald	møre: rundøy: runde - rundane
Purpurlyng	NT	0	Holmboe, Jens	søndmøre: herø: berge
Purpurlyng	NT	0	Dahl, Ove	herø pgd. skorpa
Purpurlyng	NT	0	Dahl, Ove	gurskø: stoksund
Purpurlyng	NT	0	Dahl, Ove	herø pgd.: notø
Purpurlyng	NT	0	Dahl, Ove	herø pgd. bergsø
Purpurlyng	NT	0	Dahl, Ove	herø pgd. rundø
Olivenfittlav	NT	2011	Karl Johan Grimstad, Oddvar Olsen	flåvær
Olivenfittlav	NT	2011	Oddvar Olsen	stokksund
Olivenfittlav	NT	2011	Karl Johan Grimstad, Oddvar Olsen	indre herøy

Olivenfittlav	NT	2009	Gaarder, Geir; Grimstad, Karl Johan	nerlandsøy: skorpesundet
Dynejordtunge	NT	0	Jordal, John Bjarne	herøy: igesund naturbeitemark
Dynejordtunge	NT	0	Jordal, John Bjarne	mulevika beita strandeng
Trolljordtunge	NT	1993	Geir Gaarder, John Bjarne Jordal	nerlandsøy, myraneset sauebeite
Oransje bålbitersopp	NT	1993	Geir Gaarder, John Bjarne Jordal	nerlandsøy: verpingsnes beitemark
Tinnvokssopp	EN	0	Gaarder, Geir; Jordal, John Bjarne	skorpa i mager, gjenvoksende kystgrashei.
Brun engvokssopp	VU	0	Geir Gaarder, John Bjarne Jordal	mulevika på nerlandsøy kystgrashei
Gulfotvokssopp	NT	1994	Geir Gaarder, John Bjarne Jordal	mulevika på nerlandsøy kystgrashei
Musserongvokssopp	NT	2009	Dag Holtan, Perry G. Larsen	runde gogsøyr
Bitter vokssopp	NT	0	Jordal, John Bjarne	herøy: mulevika på nerlandsøya skjelsandpåvirka
Lutvokssopp	NT	2009	Dag Holtan, Perry G. Larsen	runde gogsøyr
Lutvokssopp	NT	0	Jordal, John Bjarne; Gaarder, Geir Noordeloos, M.; Gulden, Gro; Jordal, John Bjarne	nerlandsøy: mulevika
Sauevokssopp	VU	0	Jordal, John Bjarne; Gaarder, Geir	herøy: mulevik naturbeitemark
Sauevokssopp	VU	0	Jordal, John Bjarne; Gaarder, Geir	tarberg, v for. einerrike naturbeitemarker
Sauevokssopp	VU	0	Gaarder, Geir; Jordal, John Bjarne	herøy: flusundet naturbeitemark
Sauevokssopp	VU	0	Stordal, Jens (9134); Skifte, Ola	leikanger
Sauevokssopp	VU	0	Skifte, O.; Stordal, Jens (9077)	jøsåk på mosegrodd, beitet grasbakke
Svartdugget vokssopp	NT	0	Gaarder, Geir; Jordal, John Bjarne	herøy: flusundet naturbeitemark
Svartdugget vokssopp	NT	0	Gaarder, Geir; Jordal, John Bjarne	nerlandsøy: myraneset beitemark
Rødskevokssopp	NT	2009	Dag Holtan, Perry G. Larsen	sandshornet
Rødskevokssopp	NT	2009	Dag Holtan, Perry G. Larsen	runde gogsøyr
Rødskevokssopp	NT	2009	Dag Holtan, Perry G. Larsen	myraneset
Rødskevokssopp	NT	0	Jordal, John Bjarne	herøy: runde: nøre handfangen naturbeitemark
Rødskevokssopp	NT	0	Grimstad, Karl Johan; Jordal, John Bjarne	herøy: remøy: terneneset naturbeitemark
Rødskevokssopp	NT	0	Grimstad, Karl Johan; Jordal, John Bjarne	herøy: herøya naturbeitemark
Rødskevokssopp	NT	0	Jordal, John Bjarne; Gaarder, Geir	mulevika i naturbeitemark.
Rødskevokssopp	NT	0	Gaarder, Geir; Jordal, John Bjarne	flusundet i nordvendt, gammelt utmarksaubeite.
Rødskevokssopp	NT	0	Jordal, John Bjarne	runde, måganeset i naturbeitemark.
Rødskevokssopp	NT	0	Gaarder, Geir; Jordal, John Bjarne	myraneset på nerlandsøya i naturbeitemark
Rødskevokssopp	NT	0	Gaarder, Geir; Jordal, John Bjarne	herøy: goksøyr naturbeitemark
Rødskevokssopp	NT	0	Gaarder, Geir; Jordal, John Bjarne	herøy: myraneset naturbeitemark
Rødskevokssopp	NT	0	Jordal, John Bjarne; Gaarder, Geir	tarberg, vest for i naturbeitemark.
Rødskevokssopp	NT	0	Jordal, John Bjarne; Gaarder, Geir	løset, vest for i naturbeitemark.
Russelærvokssopp	NT	0	Grimstad, Karl Johan; Jordal, John Bjarne	herøy: flåvær: husholmen naturbeitemark
Russelærvokssopp	NT	0	Gaarder, Geir; Jordal, John Bjarne	nerlandsøy: mulevika beitemark
Rød honningvokssopp	VU	2009	Dag Holtan, Perry G. Larsen	runde gogsøyr
Rød honningvokssopp	VU	0	Jordal, John Bjarne	mulevika naturbeitemark
Rød honningvokssopp	VU	0	Jordal, John Bjarne	flusund naturbeitemark
Rød honningvokssopp	VU	0	Jordal, John Bjarne (96-215)	herøy: flusundet naturbeitemark
Rød honningvokssopp	VU	0	Gaarder, G.; Jordal, John Bjarne	vest for løset i beita kystgrashei
Rød honningvokssopp	VU	0	Gaarder, Geir; Jordal, John Bjarne (95-245)	herøy: gurskøya: v for tarberg naturbeitemark
Gul slimvokssopp	VU	0	Gaarder, Geir; Jordal, John Bjarne	runde, på sandshornet i gammel naturbeitemark.
Gul slimvokssopp	VU	0	Gaarder, Geir; Jordal, John Bjarne	herøy: goksøyr naturbeitemark
Kobbtertunge	VU	0	Jordal, John Bjarne (95-290); Gaarder, Geir	mulevika kystgrashei beita av sau.
Grå narremusserong	EN	2009	Dag Holtan, Perry G. Larsen	runde gogsøyr

Grå narremusserong	EN	0	Noordeloos, M.; Gulden, Gro; Jordal, John Bjarne	herøy: mulevik naturbeitemark
Grå narremusserong	EN	0	Gaarder, Geir; Jordal, John Bjarne	herøy: myraneset naturbeitemark
Gullprikkklav	VU	2011	Oddvar Olsen	herøya
Gullprikkklav	VU	0	Gaarder, G., Grimstad, K. J. & Jordal, J. B. m.fl.	gurskøya, hidsneset 1
Gullprikkklav	VU	0	Gaarder, G., Grimstad, K. J., Jordal, J. B. m.fl.	gurskøya, hidsneset 2
Gullprikkklav	VU	0	Grimstad, K.J.	runde, terneneset/goksøyr
Hvitkurle	NT	1962	Goksøyr, Harald	gurskøy i møre: jøsok
Hvitkurle	NT	1962	Goksøyr, Harald	gurskøy i møre: moltu-skråninga mot hisegga
Hvitkurle	NT	0	Goksøyr, Harald	gurskøy i møre: moltu-bakkane
Hvitkurle	NT	0	Goksøyr, Harald	rundøy: goksøyr-urene
Hvitkurle	NT	1962	Dahl, Ove	herø pdg.: løset paa moldtustranden
Hvit småfingersopp	NT	2009	Dag Holtan, Perry G. Larsen	runde gogsøyr
Hvit småfingersopp	NT	0	Gaarder, Geir; Jordal, John Bjarne (95-293)	herøy: nerlandsøy: mulevika naturbeitemark
Bustjernaks	NT	0	Holten, Jarle I.	nordre vaulen - valsund
Kalksvamose	DD	0	Malme, Leif (1099)	nerlandsøy: golleneset ved fyrlykta
Smånesle	NT	0	Goksøyr, Harald	møre: rundøy: runde-sandstrand
Vestlandsvikke	NT	0	"Nordhagen, Monna; Nordhagen, Rolf"	rimøy: på bratt, gjengrodd bakke i tilslutn.
Vestlandsvikke	NT	0	Dahl, Ove	herø pdg.: skorpa
Vestlandsvikke	NT	0	Dahl, Ove	herø pdg.: bøland: bø ved veien til sande

5 Kjelder

6.1 Litteratur

- Aksdal, S. 1994. Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap i Møre og Romsdal. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernavdelinga rapport nr. 6 - 1994. 125 s.
- Direktoratet for naturforvaltning 2006 (oppdatert 2007). Kartlegging av naturtyper. Verdisetting av biologisk mangfold. DN-håndbok 13-1999.
- Fremstad E. 1997. Vegetasjonstyper i Norge. NINA Temahefte 12. 279 s.
- Goksøyr, H. 1938. Das Pflanzenleben auf Rundøy, Sunnmøre, in Norwegen. Det norske vidensk. akad. Oslo. 144 pp.
- Holien, H. & Tønsberg, T. 2006. Norsk lavflora. Tapir forlag. 224 s.
- Holten, J. I. et al. 1986. Havstrand i Møre og Romsdal. Lokalitetsbeskrivelser. Økoforsk rapport 1986:3B: 184 s.
- Jordal, J.B. 2007. Supplering av Naturbase i Møre og Romsdal 2007, basert på eksisterende informasjon. Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Rapport nr 2/2007. 110 s.
- Jordal, J. B. & Grimstad, K. J., 2001: Kartlegging av biologisk mangfold i Herøy kommune, Møre og Romsdal. Herøy kommune, rapport. 123 s. + kart og bilete.
- Jordal, J. B. & Gaarder, G. 1999. Biologiske undersøkelser i kulturlandskapet i Møre og Romsdal 1992-98. Samlerapport. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Landbruksavd. Rapport nr. 1 - 99: 278 s. + kart.
- Krog, H., H. Austhagen & T. Tønsberg, 1994. Lavflora. Norske busk- og bladlav. 2 utgave. Universitetsforlaget. 368 s.
- Kålås, J.A., Viken, Å., Henriksen, S. & Skjelseth, S. (red.) 2010. Norsk rødliste for arter 2010. Artsdatabanken, Norge.
- Lid, J. & Lid D. T. 2005. Norsk flora. 7. utgåve ved Reidar Elven. Det Norske Samlaget, Oslo. 1230 s.
- Lindgaard, A. & Henriksen, S. (red.). 2011. Norsk rødliste for naturtyper 2011. Artsdatabanken, Trondheim.
- Miljøverndepartementet 1992. Norsk oversettelse av Konvensjonen om biologisk mangfold: St. prp. nr. 56 (1992-93).
- Miljøverndepartementet 1997. Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling – Dugnad for framtida. St. meld. nr. 58 (1996-97).
- Miljøverndepartementet 2001. Biologisk mangfold. Sektoransvar og samordning. St. meld. Nr. 42 (2000-2001).
- Moen, A. 1998. Nasjonalatlas for Norge. Vegetasjon. Statens kartverk, Hønefoss.
- Pareliussen, I. 1997. The seminatural grasslands in 1928 and 1994 on the island of Runde, western Norway. Hovedfagsoppgåve (cand. scient.) ved Norges Teknisk-Naturvitenskapelige Universitetet i Trondheim, botanisk institutt. 64 s.

Tveten, E., Lutro, O. & Thorsnes, T. 1998. Geologisk kart over Noreg, berggrunnskart Ålesund, M 1: 250 000. Noregs geologiske undersøking.

5.1 Munnlege kjelder

Alv Ottar Folkestad, Ulstein
Oddvar Olsen, Volda


5.2 Verdsvevressursar

Følgjande databaser vart sjekka i februar 2012:

Artskart: <http://artskart.artsdatabanken.no/FaneArtSok.aspx>

Naturbase: <http://dnweb12.dirnat.no/nbinnsyn/>

6 Kartvedlegg



Kommentar til dekningskartet: Kanskje noko optimistisk dekningskart. I alle fall er det ein del kystfjellheier på Gurskøya som ikkje er undersøkte, dessutan burde heile Skorpa også undersøkast på nytt.



Runde

Goksøy

Runde

Varden

Runde

Rundafjorden

233

Herøy

Remøya

Remøy

Mulen

Kvalsvik

Leinøya

Varden

Søvik

Volsund

Sande

Bø

Nerlandsøya

Telgane

Fosnavåg

Leire

Kvalsund

Skorpa

Keipen

Koparstad

Herøy

Nerøya

Frøystad

Skorpa

Bergsøya

Eggesbønes

Røyra

Flåvær

213

Nautøya

Stokksund

Moldtustranda

Farberg

Dyrhaug

Sandvika

234

Nygjerdet

Dragstrand

Myrøygane

Djupvika

fjellet

Rjåhomet

Leikanger

Leikong

Kleppane


211

Jøsok




Laupsnipa

Vålneset

Kartleggingsstatus Herøy (2011)



Teiknforklaring

-  Godt undersøkt
-  Delvis undersøkt
-  Ikkje undersøkt

Godt undersøkt:
Tilstrekkeleg som grunnlag for ei konsekvensutgreiing eller anna planutgreiing

Delvis undersøkt
Ein vesentleg del av A og B-lokalitetane er kartlagt

Ikkje undersøkt:
Ingen kunnskap om A og B-lokalitetar

0 3 6 Kilometer

